

Arbeidsrapport nr. 189

Arnfinn Kjelland

Ajourføring av Herøyboka

Forprosjektrapport til Herøy sogelag



HØGSKULEN I VOLDA



2006

| | |
|---------------------------|---|
| Forfattar | Arnfinn Kjelland |
| Ansvarleg utgjevar | Høgskulen i Volda |
| ISBN | 82-7661-248-2 (elektronisk utgåve) 82-7661-247-4 (papirutgåve) |
| ISSN | 0805-6609 |
| Sats | Arnfinn Kjelland |
| Distribusjon | http://www.hivolda.no/fou |

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

Arbeidsrapportserien er for faglege og vitskaplege arbeid som ikkje fullt ut stettar krava til forskingsrapportar. Det kan vere delrapportar innanfor større prosjekt, eller læremateriell knytt til undervisningsføremål.

Arbeidsrapportane skal vere godkjende av anten dekanus, gruppeleiar, prosjektleiar (for IAAI: instituttleiar) eller ein annan fagperson dei har utpeika og forskingskoordinator ved HVO. Kvalitetssikringa skal utførast av ein annan enn forfattar.

Arnfinn Kjelland er førsteamannusis ved Historisk institutt, Avdeling for humanistiske fag ved Høgskulen i Volda. Han har omfattande røynsler med lokalhistorisk arbeid, og har m.a. publisert *Bygdebok for Lesja* i tre band 1987–1996 og er redaktør for *Bygdabok for Lom* (3 band pbl. pr 2005), *Sula-soga* (3 band pr 2005) og *Busetnadssoga for Volda* (1 band i 2005).

E-post: ak@hivolda.no

Heimeside: <http://www.hivolda.no/index.php?ID=12051>

| | |
|---|-----------|
| Innhold: | |
| Forord | 4 |
| 1 Innleiding | 5 |
| 1.1 Mål for hovedprosjektet | 5 |
| 1.2 Herøyboka i 3 band 1962–63 med nytt opplag 1979–83..... | 5 |
| 1.3 Ingen «Norsk standard» for slikt arbeid | 5 |
| 1.4 Krav til ei bygdebok av denne sjangeren i det 21. hundreåret..... | 6 |
| 1.5 Tradisjonell prosjektutvikling og -organisering innan sjangeren | 6 |
| 1.6 Lokal organisering og ressursbruk | 7 |
| 2 Problemet «den nyaste tids busetnadssøge» | 7 |
| 2.1 Innleining..... | 7 |
| 2.2 Flyttemønster..... | 7 |
| 2.3 Bustadstruktur og -definisjonar | 8 |
| 2.4 Prinsipp for disposisjon (innhaldslista) | 9 |
| 2.5 Endringar i familiestrukturar og samlivsformer – kven er «verdig» å nemnast i bygdeboka?..... | 9 |
| 2.6 Hendingar i «manns minne» i høve eldre tid..... | 10 |
| 2.7 Kjeldegrunnlag – stadig innkomande oppdateringer..... | 10 |
| 3 Kjeldegrunnlaget for den nye Herøyboka | 11 |
| 3.1 Generelt | 11 |
| 3.2 Den eksisterande Herøyboka (forkorta EHB) | 11 |
| 3.3 Husstandskjema og utskrift av den eksisterande Herøyboka | 11 |
| 3.4 Innsamling og behandling av husstandsskjema..... | 12 |
| 3.5 Grunnbokinformasjon frå tinglysinga | 13 |
| 3.6 Adresseliste over husstandar/bustader pr. dato..... | 14 |
| 3.7 Andre aktuelle kjelder | 14 |
| 3.8 «Tilfeldig informasjon» inn mot bokpubliseringstidspunktet | 15 |
| 3.9 Andre element – bilde og kart | 15 |
| 4 Arbeidsoperasjoner, tidsoverslag og kostnader før lenkinga startar | 16 |
| 4.1 Generelt | 16 |
| 4.2 Kjelderegistrering | 17 |
| 4.3 Friviljug arbeid og lokal koordinator – tidsforbruk..... | 17 |
| 4.4 Bildeinnsamling og –registrering, klargjering av kart..... | 18 |
| 4.5 Kjøp av dataprogrammet Busetnadssøge (BSS), import av kjelder og årleg lisens | 18 |
| 5 Arbeid og kostnader frå kjeldene er tilrettelagt til ferdige bøker | 18 |
| 5.1 Prognose for sidetal i verket og tidsforbruk for lenkearbeidet – metode | 18 |
| 5.2 Forventa sidetal i den nye Herøyboka etter prognosesystemet | 19 |
| 5.3 Lenkearbeidet fram til trykkelar tekstu etter prognosesystemet..... | 20 |
| 5.4 Redaktørarbeid: «samansyng» av tekst, bilde og kart for trykking | 20 |
| 5.5 Samla timetalsbehov, lønna arbeid – framdrift og avslutning | 21 |
| 5.6 Grendevise innleiingskapittel | 21 |
| 6 Kvalitetssikring | 21 |
| 7 Bokproduksjonen | 22 |
| 8 Praktisk framdriftsplan – kommentarar til vedlegg 3 | 22 |
| 8.1 Delprosjekt 1: Prosjektleiing, reserve/rente | 22 |
| 8.2 Delprosjekt 2: Stoffbearbeidning inkl. tekstproduksjon – muleg framdrift | 22 |
| 8.3 Delprosjekt 3 og 4: Grendeinndeinningar, illustrasjonar/ferdiggjering, bokproduksjon/opplag | 23 |
| 8.4 Delprosjekt 5: Inntektene (boksalet) – variable kostnader | 24 |
| 9 Oppsummering – spørsmål sogelaget må vurdere i den vidare prosessen | 24 |
| 10 Særskilt relevant litteratur med kommentarar | 26 |
| Vedlegg 1: Bruk av dataprogrammet «Busetnadssøge» (forkorta BSS) i Herøyboka | 27 |
| Vedlegg 2: Sula-soga band 1-2 (2005) s. 54 | 32 |
| Vedlegg 3: Herøyboka – økonomi- og framdriftsplan | 33 |

Forord

I brev til Herøy sogelag av 17.3.2005 gav eg på vegner av Høgskulen i Volda tilbod om å utarbeide eit forprosjekt for ei ajourføring av Herøyboka, der følgjande skulle utførast:

1. Vurdering og systematisering av alle arbeidsoperasjonar som må gjerast i samband med prosjektet, frå situasjonen i dag fram til ferdige bøker levert frå trykkeri.
2. Omfangsvurdering av desse operasjonane når det gjeld timebetalt arbeid på forskjellig kompetansenivå, inkl. evt. dugnadsarbeid dersom det er aktuelt.
3. Utskriving av eit dokument der desse vurderingane er framstilt i ei form som er eigna for vurdering av politiske mynde, sponsorar og evt. långjevarar. Dokumentet skulle innehalde eit oppsett med arbeidsoperasjonane kostnadsvurdert i ein muleg framdriftsplan.

Sogelaget har vidare uttrykt ønske om at planen òg tek inn vurdering av inntektpotensialet i sal av bøker. Dette er forsøkt gjort med utgangspunkt i dei erfaringane med sal av eldre titlar og den kunnskap om lokalmarknaden og salspotensialet sogelaget allereie har.

Denne rapporten er det dokumentet som låg inne i tilbodet. Eit førebels utkast vart drøfta i møte med sogelagsstyret 31. januar 2006. På grunnlag av det møtet vart det gjort ein del justeringar.

Tilbodet vart opphavleg gjeve på bakgrunn av tidlegare kontakt mellom Olav Myklebust og sogelaget om å oppdatere den eksisterande Herøyboka, Gardar og folk, band I-III i form av eit prosjekt. Men Myklebust er engasjert i arbeidet med Busetnadssoga for Volda, og det prosjektet har teke ein god del lenger tid enn opphavleg planlagt. Herøy sogelag ønskjer derfor fortgang i prosjektet, og forprosjektet skal forsøke å avklare så mange faglege og finansieringsmessige element i samband med gjennomføring av prosjektet som råd er.

Høgskulen i Volda, 21. februar 2006

Arnfinn Kjelland

1 Innleiing

Hensikten med dette forprosjektet er altså å klargjere, vurdere og systematisere «alle arbeidsoperasjonar» som må gjerast i samband med prosjektet «Oppdatering av Herøyboka», frå situasjonen i dag fram til ferdige bøker levert frå trykkeri.

Eg nyttar i det følgjande *Den eksisterande Herøyboka* (nokre stader forkorta EHB) som samleomgrep om det tidlegare utgjevne verket *Gardar og folk* i tre band gards- og ættesoge, og *Den nye Herøyboka* (NHB) om det verket som er under planlegging.

Ein del merknader, særleg i innleiinga, er av meir generell karakter, utan direkte relevans til Herøy-prosjektet. Eg viser her til «kommunen» og «Herøy» som fellesnemnarar både for undersøkingsområdet (Herøy kommune) og ansvarleg utgjevar (Herøy sogelag).

1.1 Mål for hovudprosjektet

Målet Herøy sogelag har med hovudprosjektet er å gje ut ei «rein slektshistorie»¹ i «3 nye band av 'Gardar og Folk'».² I tillegg er det aktuelt at det nye verket skal innehalde kortare grende-innleiingar, bilde og nyare kart.³ For hovuddelen, dei s.k. «slekts- og brukarlistene» skal ein ta utgangspunkt i «brukarar rundt 1920». Dette forstääast slik at ein skal ha med oversyn over alle bustader som eksisterer i dag, og «slekts-/brukarliste» for desse attende til ca 1920 for dei som er eldre, eller frå dei vart bygde for nyare bustadhus. Årstalet 1920 er i samband med data-registreringa av EHB tolka til å bety at familiar der den årstalsfesta brukartida inkluderer året 1920 er tekne med.

Med «slekts-/brukarliste» meiner eg den måten å stille opp samla familiar under kvar sin bustad i kronologisk rekjkjefølgje frå bustaden vart etablert og fram til han enten vart nedlagt/avvikla, til i dag eller eit tidspunkt fiksert av bokutgjevar (t.d. 1980). Vedlegg 2 syner eit døme på ei bokside med slike lister.

I tillegg ønskjer sogelaget som nemnt mindre omfattande skildrande innleiingskapittel til kvart «grendelag», om lag i tydinga skulekrins. Det kan dreie seg om 10–12 slike innleiingar på mellom 3–4 og kanskje 8–12 sider kvar. Sogelaget tek sikte på å få ein røynd lokal lokal forfattar til å skrive desse innafor ei fastsett honorar-ramme.

1.2 Herøyboka i 3 band 1962–63 med nytt opplag 1979–83

Utgangspunktet er altså den eksisterande Herøyboka (EHB) av Bjarne Rabben, tre band utgjevne 1962–1963 (band 1 i 1962, nytt opplag 1979, band 2 og 3 i 1963, nytt opplag 1981 og 1983). Ifølgje forordet til band 1 av andre opplag vart fordelinga mellom banda endra noko i det nye opplaget for å få meir jamstore band.

I den nye versjonen av boka skal den delen av Herøy som vart overført til Ulstein i 1964 – Eiksundbygda med 7 gardsnummer og 79 bruksnummer i EHB ikkje takast med.⁴

1.3 Ingen «Norsk standard» for slikt arbeid

Det er viktig innleiingsvis å vere klar over at det ikkje finst noko regelverk, nokon «norsk standard» for korleis slike prosjekt skal gjennomførast, sjølv om dei kan vere like kostnads-

¹ Herøy sogelag, Særutskrift sak 01/05.

² Herøy kommune K-sak 28/05 pkt. 1 i vedtaket.

³ Notat frå møte med Herøy sogelag 26.5.2005, referent Steinar Aaheim.

⁴ Tala byggjer på registrering av gardar og tal på bruk i EHB. Talet på *bustader* i den overførte delen er nok ein del mindre, sjå pkt. 3.2.

krevjande som eit mindre kulturgegg o.l. ein kommune eller eit idretts- eller anna frivillig lag involverer seg i.

Dermed blir det opp til ansvarleg utgjevar (her: Herøy sogelag) å orientere seg så godt som råd er i kva denne sjangeren krev, og gjere dei nødvendige val som trengs, utan støtte i faste skrivne reglar gjevne av ansvarleg offentleg mynde. Fagområdet «busetnadssoge» (gards- og ættesoge) er fullt og heilt *erfaringsbasert*, men formidlinga av praktisk erfaring mellom fullførte prosjekt er dessverre ikkje spesielt god.⁵

Føresetnadane varierer òg mellom kommunar/prosjekt. Det gjeld kjeldesituasjonen, utviklinga i busetjingsmønster, endringar i administrative grenser, kva slags stoff ein vil ta med osv. Mange slike detaljar tenkjer ein utgjevar ikkje på før dei dukkar opp, gjerne etter at ein tids-/framdriftsplan er lagt, noko som kan føre til tids- og kostnadssprekk.

I tillegg er informasjons- og kommunikasjonsteknologien som kjent i rivande utvikling, men det er dessverre ikkje noko organ med ansvar for systematisk oppfølging av korleis denne kan utnyttast innanfor fagområdet busetnadssoge. T.d. er området kommunikasjon (e-post) og formidling av bilde via internett blitt særleg nyttig i seinare prosjekt eg har delteke i.

1.4 Krav til ei bygdebok av denne sjangeren i det 21. hundreåret

M.a. med tanke på at slike bøker har lang levetid og skal nyttast av fleire generasjonar, bør dei i alle fall vere:

- forståeleg organiserte, dvs. lett å finne fram i (godt system for krysstilvisingar, gode register)
- fullstendige når det gjeld bustad- og personinformasjon, dvs. «feilfrie» så langt ein rimeleg kan forvente
- illustrerte med bilde og kart, gjerne/helst i fargar
- ajourførte så langt fram i tid som muleg

Den eksisterande Herøyboka stettar truleg det andre og siste punktet (i høve publiseringstidspunktet), men kan nok ikkje i dag seiast å vere god nok på dei to andre. Desse to bør elles sjåast i samanheng: bustadene bør vere logisk plasserte i høve kvarandre, men i tillegg bør det vere såpass detaljerte kart at dei i alle fall syner kvar enkelt bustad.

1.5 Tradisjonell prosjektutvikling og -organisering innan sjangeren

Den vanlege måten slike prosjekt har vakse fram på i Noreg, er ved at lokale eldsjeler arbeider privat og gratis kanskje i lang tid, samstundes som dei samlar økonomisk og politisk støtte for prosjektet og etter kvart får nok slik støtte til å lyse ut stilling som bygdebokforfattar, som oftast kommunalt tilsett. Deretter blir arbeidet overført til vedkomande, med meir eller mindre friviljug støtte i arbeidet og ei nemnd til å «styre» prosjektet.⁶

Eg tilrar vanlegvis å organisere prosjektet med fleire medarbeidarar som kan arbeide parallelt, slik at ein sparer tid. Men det gjeld først og fremst «totale» prosjekt som skal dekkje perioden frå 1600-talet til i dag der faghistorisk tekst i eit visst omfang òg skal inngå. Da kan t.d. kjelde-registrering og stoffsamling til ein viss grad gå parallelt.⁷

Målsettinga i Herøyprosjektet er likevel betydeleg enklare, og det ser ikkje ut til å vere behov for meir omfattande teamorganisering her. Jf. òg neste punkt.

⁵ Fladby/Winge 1984 gjev rett nok nyttig innføring i viktige delar av ein generell prosjektprosess når det gjeld arbeid med bygdebøker, men er korkje særleg spesifikk eller (sjølvsagt) på nokon måte oppdatert når det gjeld denne særskilte sjangeren og den tekniske utviklinga innanfor IKT. Norsk lokalhistorisk institutt gjev òg råd ved konkrete førespurnader, men kan sjølv sagt ikkje garantere at alle relevante problemstillingar i eit slikt totalprosjekt er vurderte.

⁶ Sjå t.d. Fladby/Winge 1984 s. 9–32.

⁷ Sjå t.d. Kjelland/Tafjord 2004 pkt. 9.1.

1.6 Lokal organisering og ressursbruk

Sogelaget har sett i verk ein del tiltak medan arbeidet med forprosjektet har gått føre seg. Viktigast er at det er engasjert lokal prosjektleiar, Per-Ståle Moltu, som administrerer prosjektet i denne fasen og arbeider med kjelderegistrering, der dei delane av den eksisterande Herøyboka som skal vidareførast i det nye verket er viktigast.

Det er elles ein stor fordel for heile prosjektet at ein i dette tilfellet har ein lokal prosjektleiar med god lokalkunnskap og god kunnskap om det fagområdet som skal utførast. Sjølve metodikken som eg rår til blir følgt i slike prosjekt der undersøkingsområdet er slik som i Herøy (store tettbygde, byliknande strøk) er heilt ny og berre prøvd i eitt tilsvarande prosjekt (for Sula kommune, sjå Kjelland, Sørungsgård og Hyvik 2004), så det må i alle fall innlærast utan omsyn til kven som skal gjere arbeidet.⁸

Moltu er førebels engasjert i 35 % stilling i skuleåret 2005–06 og 50 % frå og med 2006–07. Det vil ikkje vere nok til å få bokverket ut innan rimeleg tid, jf. pkt. 5.3, men engasjementsomfanget er under revurdering.

2 Problemet «den nyaste tids busetnadssoga»

2.1 Innleiing

Erfaringane eg har gjort i inneverande år särleg med *Bygdabok for Lom* band 3 og *Busetnadssoga for Volda* band 1, begge utgjevne november/desember 2005, gjer at eg løfter dette problemet fram no.

Framstilling av eldre tids befolkningshistorie har sjeldan medført store problem, fordi kjelde-materialet er avgrensa og alle som har prøvd seg på litt slektsgransking veit at «det er ikkje meir å finne» enn det som har nedfelt seg i eit relativt oversiktleg kjeldemateriale (kyrkjebøker, folketeljingar, dødsbuskifte). Den som arbeider med slikt opplever derfor det paradoksale at «vanlege lesarar» kan bli imponert over kva ein kan finne ut om folk på 17- og 1800-talet, medan dei kan bli skuffa over kor lite ein har funne og kor mangefullt stoffet kan vere om det same på 1900-talet.

Det kan vere fleire årsaker til dette. Eg vil peike på tre:

- flyttemönster og endringar i familiestrukturar
- hendingar i «manns minne» i høve eldre tid
- kjeldegrunnlag: manglande samanhengande seriar, stadig innkomande oppdateringar

2.2 Flyttemönster

I eldre tid (dvs. fram til først på 1900-talet) har ein nokså avgrensa kjelder som kan kaste lys over ein viktig del av det generelle flyttemönsteret: *dei innabygds flyttingane* (dvs. flyttingar innafor sokn/prestegjeld; flytting mellom prestegjeld og til oversjøiske område er betre dekt, särleg etter at dei landsomfattande folketeljingane vart tilgjengelege for søk på Internett).

Utanom eigedomsoverdragingar (som eigentleg ikkje fortel kven som *budde* på ein eigedom, berre kven som overtok eigedomsretten til han) og dei få husmannskontraktane som finst tinglyste eller i privat eige, er det stort sett gjennom bustadinformasjonen i dei kyrkjelege hendingane og folketeljingane ein kan finne kvar dei enkelte familiane budde. Gjennom desse kjeldene finn ein bustaden på dei aktuelle hendingstidspunktta, men tilfeldig annan informasjon kan tyde på at det gjekk føre seg betydeleg innabygds flytting også i eldre tid, som aldri er blitt dokumentert.

⁸ Medarbeidaren i prosjektet *Busetnadssoga for Volda*, Olav Myklebust, er rett nok fortruleg med BSS, man han har førebels ikkje hatt høve til å arbeide systematisk med tettstaden Volda.

Arbeid med innsamling av informasjon som gjeld dei siste 20–50 åra har synt at det i alle fall i denne perioden har gått føre seg betydeleg kortdistanseflytting rundt om i meir tettbygde lokal-samfunn (t.d. Fossbergom, bygdesenteret i Lom og Veibust, Solavågseidet, Sunde og Mauseid-vågen på Sula). Informasjon til bygdebokprosjekt om slik flytting får ein *berre* gjennom hus-standsskjema og andre innspel frå informantar i lokalsamfunna. Eit bygdebokprosjekt får som regel av personvernomsyn ikkje tilgang til den meir nøyaktige og fullstendige informasjonen som finst i folkeregisteret. Det finst døme på sær detaljert flytteinformasjon og tilsvarende komplisert flyttemønster som er tilfeldig innkome frå prosjektet og har delteke i. Det er nødvendig at også Herøy-prosjektet er budd på å handtere denne typen problemstillingar.

2.3 Bustadstruktur og -definisjonar

Den grunnleggande eininga ein samla stoffet kring i bygdebokverk innan denne sjangeren er *bustaden*. Opphavleg var det relativt uproblematisk: det var i dei klassiske «gards- og ættesoge»-bökene ein gard i tydinga *eit gardsbruk*. Etter kvart som ei form for demokratisering kom inn i bökene vart òg husmannsplassar og nyare bustadhus definerte inn og behandla.

Med aukande flyttemønster, etablering av einpersonshushald i raskt aukande tempo, sterke tettstadsutvikling m.m. har to spørsmål blitt meir påtrengjande i denne samanhengen: a) kva skal eigentleg definerast som ein bustad (og dermed få eiga overskrift i bygdeboka), og b) korleis skal ein skaffe seg oversyn over bustadene i undersøkingsområdet (kommunen)? Det siste er viktig for å kontrollere at ein får med alle ein vil ha med m.a. ved utsending av skjema til husstandane, i tillegg til at det er viktig i prognosesystemet (sjå pkt. 5.1).

I 2000 vedtok Stortinget å sette i gang det s.k. Bustadadresseprosjektet, og i etterkant av folke- og bustadteljinga 2001 vart det nye *bustadadresseregisteret* etablert. Det er no samkøyrt med det s.k. GAB-registreret, der G står for grunneigedomar, A for adresser og B for bygningar. Bygningsregisteret skal innehalde: bygningstype, tal etasjar, bustadareal, anna bruksareal, totalt bruksareal, oppvarming, vassforsyning, avløp og status (bygging starta, teke i bruk, reve m.m.).⁹ I Herøy kommune er dekningsgraden for bustadadressene pr. 1.11.2005 80,48 %.¹⁰

Registeret skal vedlikehaldast og oppdaterast fortløpende, og skal ha oversyn over alle bustader i kommunen. Prosjektet definerer «bustad» slik:

«Ein bustad er eitt eller fleire rom som er bygd eller ombygd til heilårs privatbustad for ein eller fleire personar. Det må vere tilkomst til rommet/romma utan at ein må gå gjennom ein annan bustad. Ein bustad er da til dømes ein einebustad, rekkjehusleilegheit, leilegheit i tomannsbustad, leilegheit i leiegard, blokkleilegheit eller hybelleilegheit.

Ein *hybel* i privathus blir rekna som ein bustad dersom han har eigen inngang. I hybelhus blir kvar hybel rekna som ein eigen bustad, sjølv om kjøkken og bad er felles.

Leilegheiter og hyblar som blir disponerte av privathushald i sjukehus, institusjonar, militærforlegningar og liknande, blir alltid rekna som eigne bustader.»¹¹

Men dette gjeld berre eksisterande bustader; i tillegg er slike prosjekt heilt avhengig av lokale informantar når det gjeld informasjon om *eldre* bustader, slike som kanskje ikkje finst lenger (husmannsplassar/plassebruk), eller som er omgjort til feriebustad (og dermed ikkje med i registeret) og/eller kanskje selv ut av den slekta som opphavleg var busett der (og ingen veit lenger noko om dei som budde der).

Det er i det heile ikkje uproblematisk å definere kva som er ein bustad som skal vere med i den nye Herøyboka (NHB), korkje for moderne tid eller litt eldre tid (attende til først på 1900-talet).

⁹ Frå www.statkart.no

¹⁰ Iflg oversyn over kommunane i Møre og Romsdal mottatt som vedlegg til melding frå Espen Andersen, Statistisk sentralbyrå 17.1.2006.

¹¹ Folke- og bustadteljing 2001 Herøy s. 10. Ligg i fulltekst: http://www.ssb.no/fob/kommunehefte/1515/fob_1515_tekst.pdf

Hyblar blir vanlegvis definert ut i, men mange nyare bustadhus er bygde med utleigedel (t.d. sokkelleilegheit) som ofte blir leigd ut ein periode før huseigaren sjølv tek bustaddelen i bruk. Når det er busett ein enkeltperson eller ein familie i slike husvære, skal prosjektet be om skjemainformasjon frå han/ho/dei?

På gardsbruk er det ofte fleire bustadhus. Det gjeld både i eldre og nyare tid (kår-/føderådshus). I periodar da det ikkje var kårfolk på garden kunne/kan slike leigast ut. Det må takast standpunkt til om Herøyboka skal behandle slike som sjølvstendige bustader.

I nyare bustadområde er det nye slag hus: to- eller fleirmannsbustader, rekkjehus og kanskje til og med bustadblokker. Alle desse må reknast som bustader på line med gardar i eldre bøker.

I eldre tid kjenner ein som nemnt mindre til detaljane i bustadstrukturen, særleg for dei som stod lågast på rangstigen i lokalsamfunna. Dei meir stabile plassane finn ein som oftast i det skriftlege kjeldematerialet, men det har nok òg vore mange små stover kringom i grendene som ikkje er registrert i materialet, eller ein berre finn informasjon om i form av stadnamn og attgrødde husmurar. Det er truleg ei viktig kulturminnevernoppgåve også for Herøy å prøve å få med informasjon om slike i den nye Herøyboka.

Det er under alle omstende nødvendig at sogelaget drøftar desse problemstillingane nøyne og definerer kva ein skal ta med i den nye Herøyboka.

2.4 Prinsipp for disposisjon (innhaldslista)

Disposisjonen, dvs. korleis teksten om bustadene er plasserte i bygdebokverk, har variert. I noko eldre bøker, som også omfattar den eksisterande Herøyboka, følgde forfattaren gjerne matrikkelen, gards-, bruks- og evt. festenumra. I desse fekk enten berre dei eigedomane der det var etablert fast busetnad, eller alle bruksnummer, eigen omtale (slik det er gjort i Herøyboka). Bustader (plassar) som aldri vart matrikulerte, vart enten plasserte før eller etter dei matrikulerte.

Etter kvart har det skjedd både ei omfattande utparsellering av tomter/grunneigedomar til ei rekkje føremål, ikkje minst offentlege, og mange eldre nummer (særleg jordbruksseigedomar) er slegne saman. Ein må derfor seie at matrikkelnummersystemet har utspelt rolla si som ordningsprinsipp i moderne bygdebøker (sjå nærmere om dette under vedlegg 1).

Det prinsippet eg rår til er at ein følgjer terrenget, topografiens, så langt det let seg gjøre. Ein definerer da eit område som «garden», der det typisk vil vere nokre eldre og kanskje nyare gardsbruk, nokre nyare bustadhus og gjerne nokre plassebruk som er komne bort. Desse bustadene skriv ein rimeleg systematisk om frå ein ende av gardsområdet til ein annan, utan omsyn til bruksnumra. Saman med kart som syner plasseringa av bustadene bør det da vere rimeleg lett å finne fram til den enkelte bustaden. Ein kan òg gruppere bustadene etter ein form for typeinndeling, t.d. gardsbruk først, deretter bustadhus og til siste nedlagde/bortkomne heimar o.l.

I meir tettbygde strøk der vegadresser kan vere den mest naturlege forma for tilvisingssystem, kan lange vegar med eigne namn utgjere eit problem. I Sula-soga er dette løyst ved at forfattaren har delt vegen i samsvar med dei gamle gardsgrensene. Under kvar av gardane Kvasnes, Kongshaugen og Veibust finn ein *Bustader langs Kvasnesvegen* (i alt 24).¹²

2.5 Endringar i familiestrukturar og samlivsformer – kven er «verdig» å nemnast i bygdeboka?

Fenomenet «mine, dine og våre» barn fanst også i familiane i eldre tid pga. hyppigare dødsfall og fordi i alle fall hushald med mindreårige barn kravde to hovudpersonar av kvart sitt kjønn for å fungere langt inn på 1900-talet. Det er likevel grunn til å tru at omfanget av slike samlivs-

¹² Kjelland/Sørungård/Hyvik 2004 s. 41–45, 52–54 og 69–71.

former aukar på same måte som talet på ekteskaps- og andre samlivbrot og -nyetableringar i nyare tid. Eit moderne bygdebokprosjekt må handtere slike endra familiestrukturar, noko dataprogrammet Busetnadssoge (forkorta BSS, sjå nedanfor) gjer.

Nokre døme på korttidsflyttingar og endringar i familiestrukturar:

- einsleg ungdom flytter på hybel for å gå skule
- einsleg ungdom flytter på hybel for korttidsarbeid (t.d. sommarjobb)
- to ungdomar flyttar saman i leilegheit, går skule eller arbeider, flytter frå kvarandre etter ei tid utan å få barn
- to ungdomar flyttar saman i leilegheit, går skule eller arbeider, giftar seg seinare og etablerer husstand ein annan stad
- to ungdomar flyttar saman i leilegheit, går skule eller arbeider, får barn saman, flytter frå kvarandre og etablerer seg på kvar sin kant
- fenomenet *særbu*: to personar som reknar seg som par, kanskje til og med får barn, men som ikkje bur same stad
- innflyttarar, einslege eller par med/utan barn, flytter til bygda for ein periode og reiser att
- osv.¹³

Slike døme vil ein utan tvil finne også i Herøy, særleg dei store tettbygde områda på Bergsøya. Det vil da vere nødvendig i alle fall å tenkje igjennom og definere kor detaljert informasjon ein vil ha om slike forhold. Ein kan sjølvsgart oversjå dei meir komplekse tilfella, men dei bør handterast etter visse prinsipp.

Kva skal t.d. «kravet» vere for at innflyttarar utan slektstilknyting til Herøy skal bli registrerte i den nye bygdeboka, og kor mykje arbeid skal ein sette inn på å få tak i informasjon om dei?

Som eit minimum bør ein nok ha som føresetnad at forhold som resulterer i barn blir tekne med. Desse kan knytast til bustaden til minst ein av foreldra på fødselstidspunktet.

Det kan òg vere ei utfordring kvar barna skal listast tekstmessige i slike samanhengar.

2.6 Hendingar i «manns minne» i høve eldre tid

Ein grunn til at desse utfordingane er meir omfattande dess lenger opp mot vår tid ein kjem, er sjølvsgart at nolevande hugsar kva som har hendt, kven som har budd forskjellige plassar o.l. i motsetning til i eldre tid da ein berre har – til dels tilfeldige – skriftlege kjelder.

Erfaringane er derfor at det bør leggast til rette for at den som skal ha ansvaret for prosjektet har høve til ikkje ubetydeleg kontroll- og etterarbeid med den informasjonen som kjem inn. Det bør nok leggast opp til at ein forsøker å få inn informasjon frå dei fleste husstandane, og kanskje til og med frå tidlegare bebuarar i husstandane, dersom det har vore eigarskifte og flytting.

2.7 Kjeldegrunnlag – stadig innkomande oppdateringar

Ei erfaring eg har gjort med dei seinare prosjekta, er at interessa stig dess nærare ein kjem utgjevinga av eit slikt bokverk. Dermed «vaknar» folk, tek kontakt med nabobar eller prosjekt-medarbeidarar og ser til at utfyllande informasjon kjem inn til prosjektet.

I prinsippet er dette positivt, men det fører til meirarbeid for den som har ansvaret for å sette saman stoffet. Ein kan nemleg slett ikkje alltid stole på slike innkomande opplysningar – dei kan kome i konflikt med annan informasjon vi har, og dermed føre til at den fagleg ansvarlege må gjere ekstra undersøkingar og dermed sinke framdrifta.

¹³ Eit ekstremt tilfelle var nemnt i Dagsnytt om morgonen 21.12.2005: mora gav omsorga for eit barn på 7 månader til eks-sambuaren etter eit samlivsbro. Han hadde ansvar for barnet i 3 år, da ein annan mann kom og kravde farskapen. Etter DNA-test vart det slege fast at ingen av dei to var biologisk far, og at barnet derfor måtte overlastast fosterheim. Skal desse relasjonane/flyttingane registrerast i ei bygdebok, krev det både varsemd og sjølvsgart samtykke frå dei det gjeld.

Ei «lettvint» løysing er sjølvsagt å sette ein strek, men det hjelper ikkje viss den informasjonen som kjem inn etter fristen er av ein slik karakter at den «må» takast omsyn til.

Mi erfaring er at det kjem stadig meir slik informasjon m.a. fordi Internett/e-post er blitt meir og meir vanleg blant folk. Det bør ein sjå på som ein fordel, for reint generelt hevar det kvaliteten på bøker der medarbeidarane er i stand til å gjere seg nytte av teknologien og ta omsyn til ny informasjon til «siste dag».

3 Kjeldegrunnlaget for den nye Herøyboka

3.1 Generelt

Herøyprosjektet, som er avgrensa i tid til 1900- og starten på 2000-talet, har den fordelen at det ikkje treng ta omsyn til dei allmenne kjeldeutfordringane som ligg i eldre tiders stoff. Den eksisterande Herøyboka (EHB) blir hovudkjelda til drygt halvparten av perioden.

Til siste del av perioden, fram mot dags dato, blir det så skjema frå alle husstandar som må bli hovudkjelda.

I tillegg har sogelaget tilgang til registrerte dødsannonser frå Vikebladet for perioden 1966 til 2005. Desse blir vedlikehalde av den lokale prosjektleieren. Det same gjeld registrering av gravlagde på Moltu kyrkjegard.

3.2 Den eksisterande Herøyboka (forkorta EHB)

Det ligg ikkje innafor forprosjektarbeidet å kvalitetsvurdere EHB når det gjeld kor fullstendig boka dekkjer husstandar og familiar for perioden 1920 – ca 1960. Sogelaget er av den formeining at ho er rimeleg dekkjande. Ein skal likevel ikkje sjå bort frå at det nye prosjektet kan avdekkje fleire bustader og familiar som ikkje er nemnde. Ved bruk av dataprogrammet BSS er det uprøblematisk å innpasse slike, viss informasjonen skulle dukke opp.

Sogelaget har gjort ei oppteljing av bruksnummer nemnt i EHB som eg har fått oversendt. Med fråtrekk for Eiksundbygda, som ikkje skal med i det nye verket, utgjer dette 2496 «bruk». Men det er da ikkje teke omsyn til at mange av desse «bruka» ikkje gjeld *bustader*,¹⁴ men m.a. ikkje bebygde teigar/tomter, forretningseidedomar og samanslattede bruksnummer, jf. òg pkt. 2.3.

Gjennom det arbeidet med registrering av EHB som først vart sett i gang som ein del av forprosjektet og som sogelaget har vidareført (sjå nedafor) har Per-Ståle Moltu pr. 12. januar 2006 registrert bustadene i EHB ved hjelp av eit tilleggsprogram til BSS, FamSkjema. Han har registrert alle bustader, definert som «bruk» det er registrert folk på kring 1920 frå og med gardsnummer 1 Skorpa, heile band 1 og til og med gnr 37 Myklebust i band 2. Iflg. bruksnummerregistreringa er det 1608 «bruk» i dette området, men Moltu har berre registrert 1040 «bustader». Talet på «bustader» i området er altså 64,7 % av talet på «bruk».¹⁵ Dette tyder at det truleg for heile EHB vil vere ca 1650 bustader. Dette talet kjem att i kalkylen i vedlegg 3.

3.3 Husstandskjema og utskrift av den eksisterande Herøyboka

Det å få inn informasjon frå husstandane for perioden frå ca 1960 (der EHB sluttar) og til i dag er den største utfordringa prosjektet står overfor. Informasjonen kan i prinsippet todelast:

- Om dei bustadane som er nemnt i EHB: oppdatering av det som står om familiane i den gamle boka og supplement med nye generasjonar komne til etterpå.

¹⁴ Kan her definerast som bustader/bruksnummer i EHB der det er ført opp familiar etter ca 1920.

¹⁵ Grunnen er sjølvsagt at det er mange fleire bustader enn registrerte bruksnummer, som omfattar alle slag grunneigedomar, utan omsyn til om det er busetnad på dei.

- b) Nye bustader bygde etter EHB var utgjeve (evt. eldre som manglar i EHB, men dei er forhåpentlegvis ikkje mange).

For å få god nok informasjon er det nesten umuleg å unngå at det skjemaet som blir utvikla må bli nokså komplisert. Det gjeld særleg for område der ein vil ha inn informasjon frå fleire generasjonar og ikkje har noko å byggje på frå før. Her er Herøy i ein noko betre stilling enn t.d. Sula, som ikkje hadde eldre bygdebok med særleg informasjon.¹⁶ I den kommunen vart eit identisk skjema sendt ut til alle husstandar.

Men når det gjeld Herøy, trur eg det vil vere rekningsvarande i dag å sende ut skjema i to omgangar: først ei *adressert* utskrift av den registrerte EHB slik at folk kan sjå kva som eigentleg står frå før og kva dei kan/bør supplere/korrigere, og så eit blankt skjema (sjølvsagt med utfyllingsretteliing) til alle husstandar i kommunen (sjå nærmare nedanfor).

Eit slikt opplegg vil krevje at den lokale prosjektleiarene i samarbeid med lokalkjende grende-kontaktar lagar eit særskilt, oppdatert *adresseregister* til EHB. I dette registeret kan lokalkjende òg ta omsyn til at det kan vere vel så nyttig å sende utskrift av EHB til *andre* enn dei som bur i bustaden i dag; den kan vere fråflytt eller seld til folk utanfor den/dei familien/-ane som budde der da EHB vart skriven.

3.4 Innsamling og behandling av husstandsskjema

All erfaring tyder likevel på at det er vanskeleg og arbeidskrevjande å få folk til å fylle ut slike skjema, som gjerne får utsjånad liknande den sjølvmeldinga ein leverte tidlegare (før ho vart førehandsutfyldt). Så langt eg har røynsler, finst det ikkje nokon lettvint veg å få inn denne heilt nødvendige informasjonen. I det følgjande skisserer eg nokre tiltak som kan vurderast.

3.4.1 Friviljuge lokale personar

Sogelaget har så vidt eg forstår eit nett av lokalkjende grendekontakte. Eit slikt nettverk er av uvurderleg verdi i fleire fasar av eit slikt prosjekt (i andre fasar treng ein ikkje belaste dei). Viss ein kan få desse til å stille opp i sine lokalsamfunn for å hjelpe folk med å fylle ut skjema, eller til og med vere viljuge til å besøke nabobar for å samle inn att skjema (og samstundes kontrollere eller hjelpe til med utfyllinga), vil det truleg vere ein effektiv innsamlingsmetode.

Men ein slik metode vil truleg fungere best i dei meir grisgrendte delane av kommunen. I dei delane det behovet truleg er størst – dei store bustadfelta på Bergsøya – er det truleg vanskelegare å få ei slik arbeidsform til å fungere.¹⁷ Det bør likevel prøvast, i det minste i form av opne kveldsmøte der ein kanskje har litt servering, viser gamle bilde på storskjerm o.l. samstundes som ein tek i mot skjema og evt. hjelper til med utfyllinga.

3.4.2 Internettinformasjon, nettbasert husstandsskjema og bruk av e-post

Utviklinga av internett går i stor fart. Herøybok-prosjektet må i dag sjølvsagt etablere eit eige vev-område med fortløpande oppdatert informasjon om prosjektet, framdrifta, spørje-/debatt-forum, bilde osv. (kanskje òg med marknadsføring av sponsorar).

Det vil truleg òg vere rekningsvarande å utvikle ein eigen nettvariant av husstandsskjemaet, helst i form av eit steg-for-steg-skjema, der ein startar med informasjon om bustaden, deretter noverande hovudpersonar med basisinformasjon (f. år, relasjon/vigd år, yrke osv.), barn med basisinformasjon, eigen knapp pr. person som har slekt i EHB og som dermed kan gje informasjon om slik tilknyting osv.

¹⁶ Eg ser her da bort frå den gamle bygdeboka *Borgund og Giske* bd 3 utg. 1964, der det berre er informasjon om brukarane på gardane, ikkje borna deira og heller ikkje bustadhus som ikkje var gardsbruk.

¹⁷ I desse områda er det vel stort sett berre nyare bustader, som ikkje er nemnde i EHB?

Eit slikt nettbasert skjema der «input» blir lagra i eit format som enkelt kan eksporterast til dataprogrammet BSS (evt. etter gjennomlesing/kontroll av prosjektmedarbeidar) finst førebels ikkje. Snøhetta forlag a.s vil vurdere å delta i utviklinga i lag med Herøy sogelag dersom sogelaget vel å nytte BSS til lenke- og ferdiggjeringsarbeidet. Eit nettbasert skjema som «berre» fungerer som rettleiing til kva informasjon som prosjektet treng, og som går som e-post til ein prosjektmedarbeidar for manuell oppfølgjing/overføring til FamSkjema, vil vere enkelt å lage.

I tillegg til slike nettskjema må i det minste ein slik vevstad opplyse om kva for informasjon om bustader og personar prosjektet vil ha, og høve til å sende inn desse pr. e-post. E-post, fleire diskusjonsfora på nett (Digitalarkivet, Sleksforum) m.m. er i ferd med å bli viktigare og viktigare kommunikasjonskanalar, og BSS er i det minste lagt til rette for at meldingar som er lagra elektronisk kan lenkast opp til bustadene og dermed gjenfinnast når ferdiggjeringsarbeidet skal utførast.

3.4.3 Andre tiltak – bruk av media

Det er først når ein sender ut slike husstandsskjema at «folk flest» registrerer og får eit forhold til eit slikt prosjekt. Det er truleg da viktig å organisere den informasjonen som blir sendt ut utanom sjølve skjema- og utskriftsutsendingane. Bruk av lokale media står sjølvsagt sentralt her (lokalavis, nærradio).¹⁸ I samband med dette tiltaket bør det førebuast innslag til media, i form av intervjuobjekt, gamle bilde, avisartiklar o.l. som skaper blest om prosjektet og får folk til å snakke om det. Sogelaget har kanskje kontaktar i skuleverket som kan få elevar med på å førebu slike tiltak?

Ein idé som vart brukt i Sula da skjemainnsamlinga var på det mest aktive var at det for kvar eller annankvar veke vart uttrekt ein enkel premie blant dei som hadde levert skjema. Premien var sponsa frå det lokale næringslivet og vart kunngjort gjennom lokalmedia.

3.4.4 Tidsperiode frå innsamla skjema til bokutgjeving

Dette er eit viktig moment. Skjemabasert informasjon om bustader og personar syner stoda på utfyllingstidspunktet, og fangar sjølvsagt ikkje opp hendingar etter det er utfylt. Dess lengre tid det går frå skjemaet er utfylt til bokverket skal gjerast ferdig, dess større behov for kontroll med informasjonen, rettingar og oppdateringar.

Sogelaget bør derfor ta sikte på at det går kortast mulig tid mellom skjemainnlevering og -data-registrering, lenking og ferdiggjering.

Sogelaget hadde ein opphavleg plan om å gje ut det nye verket bandvis for å få inntekter til å vidareføre arbeidet. Eg har i møte påpeikt at reint fagleg sett er det best om bearbeidinga av personinformasjonen kan fullførast før ein gjev ut bøkene, dvs. slik at det berre blir redigeringsarbeid som skil bandutgjevingane. Men ut frå det som ser ut til å blir dei økonomiske realitetane i dette prosjektet, rår eg til at ein legg opp til det «vanlege» utgjevingsmønsteret, om lag eitt år mellom kvart band (avheng sjølvsagt av det sidetalet ein legg opp til i kvart band).

3.5 Grunnbokinformasjon frå tinglysinga

Erfaringane frå Sula- og Volda-prosjekta er at det først og fremst er frå litt eldre bustadhus der det har vore fleire eigarskifte, fråflytting og der det kanskje ikkje bur folk i dag i det heile teke, det kan vere vanskeleg å få inn informasjon.

Sjølve eigarforholda kan ein rett nok få frå Sorenskrivaren på Søre Sunnmøre (kontor i Volda). For perioden fram til 1991 vart all tinglyst eigedomsinformasjon ført på kort for kvar enkelt eigedom (med gards- og bruksnummer). Etter 1991 er same informasjon dataregistrert.

¹⁸ Neste gong det er viktig å engasjere lokale media er sjølvsagt i samband med lanseringa av dei enkelte banda.

Informasjonen er ope tilgjengeleg, men det må betalast ei avgift for formelle kopiar/utskrifter av materialet (pr. i dag kr 180 pr. eigedom).¹⁹ Men elles er sorenskrivarkontoret fleksible; det er muleg å få ein avtale om å sjå over arkivert informasjon på kontoret og evt. ta kopi av det ein er særskilt interessert i. I dag er det truleg enklast å avfotografere aktuelle dokument med digitalkamera og lenke dei opp til den aktuelle bustaden i BSS.

Etter at ansvaret for tinglysinga er overført til Statens kartverk²⁰ vil grunnboksbbla truleg blir overførte til Statsarkivet i Trondheim.²¹

3.6 Adresseliste over husstandar/bustader pr. dato

Det har i alle fall i samband med tidlegare prosjekt har vore store problem med å få nøyaktig oversyn over eksisterande bustader/husstandar i den aktuelle kommunen. Herøyboka bør kunne rekne med å få utlisting frå det nye bustadadresseregisteret, som vart etablert etter folke- og bustadteljinga i 2001 (sjå òg pkt. 2.3) frå Herøy kommune,²² men eg har i samband med denne rapporten ikkje klart å få svar frå kommunen på om det er muleg.

Dette er eit heilt nødvendig oversyn både for å kunne planlegge og kalkulere arbeidsmengda prosjektet må gjennomføre og for sjølve arbeidet, særleg innsamling av skjema frå desse husstandane. Det har tidlegare vore svært vanskeleg å finne noko oversyn over slike; det har eksistert «et hav av adresseregistre i Norge hvor skrivemåten var forskjellig og presisjonen dårlig».²³ Hovudproblemet var hus med fleire bustader (rekkjehus, bustadblokker), men det galdt nok òg slikt som gardsbruk med fleire bustader utan at det er særskilt nemnt.

Det vil vere særstakt nyttig om den lokale medarbeidaren i alle fall får høve til å gjere oppslag i den nye bustadadresseregisteret for å sjekke om hus ein ikkje har oversyn over verkeleg er bustadhús eller eit anna hus. Dette bør avklarast med Herøy kommune.

3.7 Andre aktuelle kjelder

Ei anna kjelde som har vore nemnt, er dei s.k. dødsregistreringane hjå sorenskrivaren. Denne informasjonen ligg på sorenskrivarkontoret attende til 1970-talet. Før den tid er registra avleverte til Statsarkivet i Trondheim. Frå desse får ein vanlegvis løyve til å registrere for- og etternamn, fødsels- og dødsdato og adresse ved meldingstidspunktet. Lista er sannsynlegvis såpass nyttig at det kan forsvare påkostinga med å registrere ho, i alle fall dersom ein kan finne nokon busett i Trondheim som kan ta meldinga frå perioden som ligg arkivert der. Dersom sogelaget ynskjer det, kan eg truleg formidle kontakt med ei student som bur i Trondheim og kan gjere arbeidet på fritid.

Sogelaget ved Per-Ståle Moltu har samla og registrert dødsannonsanane frå Vestlandsnytt frå 1966 til dags dato. Formatet på registeret bør bearbeidast noko for å kunne utnyttast optimalt i BSS-programmet,²⁴ men det er ein relativt enkel operasjon. Også gravlagde på Moltu kyrkjegard etter 1960 er registrert.

Fleire soglagsmedlemer har utført systematisk kontrollar av store delar av den eksisterande Herøyboka mot den ferdig dataregistrerte folketeljinga frå 1900.²⁵ Deira konklusjon er at det ser ut til at dei aller fleste som var i bygdene da teljinga vart teke opp òg er med i EHB, slik at evt.

¹⁹ Opplyst til Olav Myklebust ved besøk på sorenskrivarkontoret 12.1.2006.

²⁰ Overføringa skjer 2.9.2007 iflg. www.tinglysing.no.

²¹ Opplyst til Olav Myklebust ved telefon til sorenskrivarkontoret 27.1.2006.

²² Om ein i samband med sjølve bygdebokprosjektet i Herøy skal nytte same definisjon av bustad som dette registeret gjer (sjå pkt. 2.3) er meir uvisst. Registeret inneholder truleg ein del bustader som ikkje skal med, t.d. fordi det ikkje bur eller har budd personar der som det er naturleg å ta med, jf. pkt. 2.4.

²³ <http://www.ssb.no/boligadr/>

²⁴ M.a. må kolonnen med informasjon om pårørande og kodene for slektskap splittast, og det bør opprettast og fyllast ut ein kolonne for kjønn.

²⁵ Opplyst i møte med soglagsstyret 31.1.2006.

import av denne teljinga til BSS neppe gjev mykje ny informasjon. Den neste folketeljinga, opteken i 1910, er snart ferdig dataregistrert. Teljinga er sperra for offentleg bruk fram til 2010, men det blir arbeidd for å få frigjeve ho for utlegging i Digitalarkivet. Dersom ho blir frigjeven vil det truleg vere rekningssvarande å importere ho, m.a. fordi ho er den første der alle personar har fødselsdato.

I løpet av inneverande år vil truleg dei kyrkjebøkene for Herøy som er relevante for den perioden prosjektet dekkjer bli tilgjengelege på Digitalarkivet. Det er neppe aktuelt å registrere desse i sin heilskap, men dei kan kome til å bli nyttige for å gjere oppslag ved tvilstilfelle for den som skal gjere lenkearbeidet.

3.8 «Tilfeldig informasjon» inn mot bokpubliseringstidspunktet

Erfaringar syner at slike prosjekt får meir mediemarksemnd enn før. Det gjeld kanskje særleg fram mot utgjevingstidspunktet. Slik merksemnd må reknast som positiv og gratis marknadsføring, og bør stimulerast t.d. ved at ei sender ut pressemeldingar om framdrifta, utgjevartidspunktet o.l. og held vedlike vefsider på Internett med fortløpende informasjon.

Men denne merksemnda har ein ulempe: folk som ikkje har reagert på utsendte skjema m.m. tidlegare kan kome med til dels mykje informasjonen alt for seint i høve planlagde og kunn-gjorde fristar. Folk har i dag andre forventningar til at informasjon dei gjev blir teke omsyn til viss det i det heile tatt er muleg. Det er laga rutinar for slik mottak og behandling av tilfeldig informasjon når ein nyttar BSS-programmet fram til teksten blir teke ut og oversendt til ombrekking (oppsett på boksider, innpllassering av bilde m.m.). Etter det tidspunktet medfører slik innkomande informasjon ekstra kostnader i høve produksjon utan BSS, fordi ein i tillegg til vanleg retting i teksten (korrekturen) må attende og ajourføre BSS-databasen med denne informasjonen.

3.9 Andre element – bilde og kart

3.9.1 Gamle og nye bilde

Sogelaget opplyser at det disponerer ein god del bilde som kan nyttast i bokverket, m.a. ei nokså stor samling flyfoto tekne av Widerøes Flyveselskap først i 1960-åra, og fleire fotosamlingar tilrettelagt i samarbeid med Fylkesfotoarkivet i Møre og Romsdal (FAKf). Sogelaget meiner dei har eller kan skaffe tilstrekkeleg bildematerialet utan særskilte ekstrakostnader for prosjektet (bortsett frå dei faktiske kostnadene ved å retusjere og fargejustere bilde som skal trykkast; denne går inn i bokproduksjonsprisen).

Eg vil elles gjere merksam på at det kan kome ein del ikkje-planlagde kostnader dersom sogelaget skannar bilde lokalt eller leverer avfotograferte bilde frå FAKf til det trykkeriet som skal brukast utan at bilda klargjorte i form av retusj og evt. fargejustering. Prosessen er gjennomgått i ein artikkel i Lokalhistorisk magasin nr 3, 2005 s. 4–5 og eit viktig punkt er at «amatørskanning» av bilde kan vere for dårlig for trykkeformål, og arbeidet må gjerast opp att (bildet må kanskje lånaast inn att frå ein privat eigar) dersom bildet skal brukast.

Mi erfaring m.a. frå omfattande samarbeid med FAKf er at skanning kan gjerast lokalt dersom ein sikrar seg at ein gjer det rett m.a. med innstillingar på skannaren, oppløysing, lagringsformat m.m. Sogelaget må kontakte Fylkesfotoarkivet før arbeidet evt. blir starta!

Alle bilde som skal brukast i bokverket, enten dei er i farge eller svart/kvitt, vil trenge særskilt behandling (retusjering, evt. fargejustering) før dei er trykkeklaare. Slik behandling bør absolutt gjerast av profesjonell arbeidskraft som har direkte kontakt med trykkeriet, men det kan gjerne hentast inn tilbod (med referansar) på arbeidet før det startar. Bilde som er skanna lokalt kan sendast nær sagt kvar som helst for slik ferdigbehandling.

Sogelaget har gjeve uttrykk for at dei vurderer å bruke også nyare bilde av lokale fotografar i verket. Det er nedafor ikkje teke omsyn til slik bildebruk, korkje kostnadssida eller rettigheitsspørsmål.

3.9.2 Kart

Med den bustadtettleiken som er i Herøy kommune i dag meiner eg prosjektet ikkje kjem unna å inkludere detaljerte kart der mistekravet er at *alle bustader nemnde i teksten er kartfesta*. Det krev som minimum ein del kartelement: vasskonturar, vegar og eksisterande hus. I tillegg må den som arbeider med prosjektet ha høve til å sette på karta i alle fall namna på bustadene (t.d. bruksnamna på gardane, men òg bustadhús med kjende eller ønskte særnamn. Erfaringar viser at mange ynskjer at eit meir eller mindre ukjent papirnamn på ein bustad (av typen Soltun, Fredheim o.l.) blir brukte i slike verk, inkl. på karta.

Kartbehovet kan dekkjast på fleire vis, men prosjektet må ta omsyn til at rettar til kart er lovfest som andre åndsverk, og sikre seg at det har løyve til å bruke kart slik det tek sikte på.

Rettigkeitsspørsmål når det gjeld kart er kompliserte. Hovudelementa er at Statens kartverk er den instans som har gjennomgåande rettar til alle kart. Men når det gjeld lokale kart av typen Økonomisk kartverk i målestokk 1:5000, som no blir behandla digitalt, har kommunen eit viktig ansvar for oppdateringar av mange element. Det fører òg til at kommunen har rett til s.k. sekundær utnytting av kartmaterialet for sitt område. Dermed kan kommunen lage bygdebokkart utan avgift til kartverket dersom prosjektet er kommunalt. Men når prosjektet som for Herøy sin del ikkje er reint kommunalt, er det meir usikkert om kommunen kan levere kartdata kostnadsfritt. Evt. kostnader må i alle fall forhandlast med kommunen/kartverket.

Det finst sjølv sagt òg enklare måtar å lage kart på, t.d. bruke skanna versjon av det gamle økonomiske kartverket (som for Herøy sin del truleg er frå 1960- eller 70-åra) og manuelt (ved hjelp av teikneprogram) teikne på nye bustader og vegar på det. Men heller ikkje i eit slikt tilfelle er det klart kven som gjev løyve til og evt. bestemmer avgift for bruken av karta, når prosjektet er ikkje-kommunalt. Dessutan blir kvaliteten på slike kart därlegare; dei vil innehalde ei lang rad forstyrrande element særleg i område som seinare er utbygde og har gjennomgått store endringar.

Eg har forsøkt å få avklaring med Herøy kommune om dette, men utan svar. Eg har rett nok fått oversendt ein CD med noko som ser ut til å vere komplett digitalt kartverk for kommunen (datert 30.1.2006), utan nærmere forklaring. Dette kan truleg konverterast og brukast til kartarbeidet i prosjektet, men rettigkeitsspørsmåla bør sogelaget følgje opp. CD har eg vidaresendt til prosjekteieren i sogelaget.

4 Arbeidsoperasjonar, tidsoverslag og kostnader før lenkinga startar

4.1 Generelt

Slike bokverk består av hundretusenvis av enkeltinformasjonsbitar. Desse må organiserast og settast i eit system som gjer det muleg å utnytte dei effektivt. Dette gjeld særleg fordi dei aller fleste informasjonsbitar har relevans for meir enn ein person og/eller ein bustad; i det minst for ein familie, men gjerne fleire.

Tidsoverslag for slik informasjonsbehandling er sær problematisk. Delar av arbeidet er rutineprega og kan tidsbereknast, men det er mange arbeidselement som dukkar opp og som det er uråd på førehand å planlegge tidsforbruk for. Det gjeld t.d. dersom «forfattaren» – den som gjer hovudarbeidet med å sette saman teksten – er ein omgjengeleg person som har opa kontordør og innbyr interesserte bygdefolk som har informasjon til samtaler om «gamle dagar». Det kan føre til god informasjonsinngang, men det tek òg tid, tid det er umuleg på førehand å omfangsberekne.

I dette avsnittet vil eg forsøke å summere opp og gje eit overslag over tidsbruk for dei arbeidsoperasjonane som må gjerast i prosjektet fram til at alle kjeldene er klare til å importerast i dataprogrammet BSS. Eg vil òg nemne nokre operasjonar som *kan* gjerast, men der sogelaget bør gjere ei kost-/nyttevurdering.

4.2 Kjelderegistrering

4.2.1 Den eksisterande Herøyboka og husstandsskjema

Registrering av EHB og skjema til alle husstandar er dei to hovudstolpane prosjektet vil kvile på, jf. framafor. Sogelaget har engasjert Per-Ståle Moltu til å ha ansvaret for desse delprosjekta, ei løysing eg trur er særsla bra for gjennomføringa. Arbeidet med registreringa av EHB er alt kome langt, sjå framafor pkt. 3.2.

Eg har òg skissert ein metode til utsending av skjema og utskrifter fra EHB-registeret (produksjon av eiga adresseliste for utskriftene og adressert utsending av desse) i pkt. 3.3.

Ferdigregistrering av EHB: overslaget i pkt. 3.2 framafor syner at det truleg er ca 1650–1700 bustader i EHB. Per-Ståle Moltu har brukte 280 timer på å registrere dei første 1040 eller ca 65 % av alle. Det er da rimeleg å rekne med at han blir ferdig med denne basen på i underkant av 500 timer (466 timer).

Arbeidet med husstandsskjemaa er mykje verre å stipulere – det er m.a. i høg grad avhengig av kvaliteten på dei utfylte skjemaa. Moltu har hittil berre fått inn og registrert 16 skjema. Dette utvalet *kan* vere svært skeivt i høve gjennomsnittleg kompleksitet/grad av ikkje utfylt informasjon i dei skjemaa som kjem inn. Han har nytta 5,5 timer på arbeidet med å registrere 16 skjema, dvs. knapt 3 skjema pr. time eller vel 20 minutt pr. skjema. Men da er ikkje alle heilt ferdige – det står att nokre detaljar som må sjekkast. Det er heilt vanleg i arbeid med slike kjelder – og det gjer kalkulering vanskeleg.

Eg vil altså tilrå at det her blir sett inn ein nokså stor feilmargin/sikkerheitsmargin i form av eit påslag på den samla tida som ein kan rekne ut frå prøveregistreringa. I kalkylen har eg rekna det til 25 %, dvs. at Moltu kan registrere ferdig 2,3 skjema i timen i snitt, heile materialet sett under eitt og inkludert telefonar, møte med lokale grendekontaktar og all oppfølging for å få kvart skjema heilt ferdig.

Posten oppgir det samla talet på husstandar i Herøy kommune pr. 2005 til 3121 medan folke- og bustadteljinga 2001 har 3192. Ein får neppe inn skjema frå alle desse, men det kan òg vere husstandar der det kjem inn fleire skjema, så eg vil nok tru ein bør planlegge med om lag dette talet (3100). Timeforbruket på dette arbeidet blir da 1332 timer. Det utgjer altså ein betydeleg del av prosjektarbeidet, 17,6 % av planlagt samla timeforbruk (sjå vedlegg 3 del 2).

Sogelaget bør vurdere om dette er realistiske overslag (timeforbruk og tal på husstandar/skjema).

4.2.2 Andre kjelder

Dette gjeld nokre justeringar av oppsette for og framhald av vedlikehald av dødsannonse-registreringane. Dei er stipulert til 100 timer. Det kan vidare som nemnt vurderast om ein skal registrere dødsmeldingane hos sorenskrivaren og/eller på Statsarkivet i Trondheim. Timetal for dette er ikkje lagt inn, men sogelaget bør vurdere det.

4.3 Friviljug arbeid og lokal koordinator – tidsforbruk

Som nemnt framafor vil det vere særsla viktig for prosjektet dersom sogelaget kan støtte prosjektet med aktive lokale kontaktpersonar. Men det er viktig at desse har eit fast punkt (ein person) dei kan vende seg til med innsamla stoff, spørsmål m.m.

Den engasjerte registrator og prosjektleieren kan med stor fordel fylle denne funksjonen. Han kan vidare ha eit ansvar for å gje informasjon til dei som treng det, både i sogelaget og til bygdefolket. Han bør ha ansvaret for at informasjon på prosjekt-vevsidene blir halde vedlike og oppdatert, og han må sjølvsagt svare på førespurnader pr. e-post og vanleg post.

Å kalkulere arbeidstida som vil gå med til slike oppgåver i løpet av den tida eit slikt prosjekt held på, er tilnærma umuleg. Det er likevel sett inn 250 timer i kalkylen.

4.4 Bildeinnsamling og –registrering, klargjering av kart

Det er føresett at sogelaget har eller skaffar nødvendig bildemateriale med informasjon om kvart enkelt bilde (gjerne i form av at det blir etablert ein eigen bilderedaksjon) til verket utan at prosjektleiar skal rekne nemnande timer til det arbeidet.

Under føresetnad av at

4.5 Kjøp av dataprogrammet Busetnadssøge (BSS), import av kjelder og årleg lisens

Det kjeldematerialet som blir registrert (EHB og husstandsskjema, dødsregisteringar o.l.) må gjennom ein prosess med omforming og import til BSS. Dette arbeidet må førebels gjerast av programutviklaren på Snøhetta forlag a.s. Ut frå erfaringar med tilsvarende importarbeid frå andre prosjekt (bygdebøkene for Volda og Sula og andre testimport-prosjekt) tek dette ikkje spesielt lang tid. Vi reknar ca 5 timer for dei nye registra. Dersom ein vurderer at folketeljinga 1900 frå Digitalarkivet bør med i datagrunnlaget, tek nok den lengre tid, anslagsvis 10 timer.

Dataprogrammet BSS kostar kr 30.000. Årleg lisens er kr 5.000. Importarbeidet kostar kr 600 pr. time (mva. kjem i tillegg til desse prisane).

Tidskalkylene i pkt. 5.3 – den absolutt mest arbeidskrevjande delen av prosjektet – er basert på bruk av dette programmet. Sogelaget bør tidleg avklare om det vil satse på dette programmet (jf. òg vedlegg 1).

5 Arbeid og kostnader frå kjeldene er tilrettelagt til ferdige bøker

5.1 Prognose for sidetal i verket og tidsforbruk for lenkearbeidet – metode

Både sidetalsomfang og tidsforbruket på ferdiggjeringsarbeidet er sentrale for framdrift og økonomi i prosjektet. Som ein del av forprosjektet har eg derfor gjeve Snøhetta forlag a.s. ved Ole Martin Sørumgård i oppdrag å vurdere kva erfaringane frå pågående prosjekt (spesielt for Sula) bygd på bruk av dataprogrammet BSS kan seie om dette for Herøy-prosjektet.

På bakgrunn av dette har Sørumgård laga eit generelt prognosesystem som skal kunne nyttast i planlegginga av slike prosjekt utan omsyn til kva periode som skal dekkjast, kva slags kjelder som finst o.a.

Prognosesystemet tek utgangspunkt i a) talet på bustader (gardsbruk, husmannsplassar og nyare bustadhus) som finst i undersøkingsområdet til forskjellige tidspunkt, og føreset ei lineær bustadutvikling i høve tid. Det tyder at dersom det var 100 bustader i området 1900 og 200 i 2000, så ville talet vera 150 i 1950. Systemet opererer vidare med det Sørumgård kallar «total brukstid» (nedafor forkorta TB), som er eit overslag over den samla summen av alle tidsperiodar det har budd folk på dei enkelte bustadene i området. Dersom vi har ein einbølt gard frå først på 1600-talet, og ingen plassar eller nyare bustadhus, så blir TB ca 400 år. Det tilsvrar samla TB for 8 bustadhus som var busette i åra 1950 til 2000 (med 50 år TB kvar).

For sidetalsutrekninga er hypotesen at tekstmengda i manuskript er proporsjonal med TB. Dette er nok ikkje 100 % rett, t.d. fordi ein vanlegvis har mindre informasjon om familiene på 16- og tidleg 1700-tal, men utslaget blir ikkje spesielt stort.

Med utgangspunkt i det arbeidet som er gjort for Sula-soga ser det ut til at TB på ca 115 år, altså ein bustad med start brukartid ca 1890, utgjer 1 side ferdig tekst slik familiene der er sette opp (sjå vedlegg 2 for døme på tekstoppssett for ei side frå Sula-soga).

Oversлага over sidetal og tidsforbruk bygger på erfaringane frå Sula-soga (to utgjevne band) så langt i det prosjektet. Men vi må ta forbehold for at Sula-prosjektet framleis er under arbeid; det vil først vere når det er fullført at ein vil ha fullgode erfaringstal. Vi har førebels ikkje fullt oversyn over effekten av at programutviklaren under arbeidet med dei to første banda har sett saman nokså mange familiar som er plasserte ut i eitt av dei tre siste banda (ca 152 sider). Dette har truleg mindre å seie for sidetalsprognosene, men det er først når siste band for Sula er ferdig at vi har rimeleg fullt oversyn over det viktige elementet *tidsforbruk på lenkearbeidet*.

Med det meiner eg altså arbeidet med å hente fram personinformasjon frå kjeldene, sette saman familiene og plassere dei på rett bustad ved hjelp av dataprogrammet BSS. Det er dessverre mykje vanskelegare å vurdere, særleg pga at Snøhetta forlag a.s som nemnt ikkje er ferdige med Sula-sogeprosjektet. Sørumgård ser for seg at timetalet er rimeleg konstant i høve til sidetalet, prosjektet sett under eitt. Det bør altså vera muleg å finne eit timetal pr. side, men ikkje før prosjektet er ferdig.

Sørumgård har likevel gjort eit forsøk. Slik han arbeider med Sula medfører kvar side ferdig manustekst at også ein del *delvis ferdig tekst* blir skrive, pga. at informasjonen om personar som er fødde ein stad og flyttar, må klargjerast og delvis skrivast ut også på den andre staden. Denne teksten kjem til nytte seinare i prosjektet. Forfattaren har altså eigentleg «skrive» meir enn ei side når han er ferdig med det som vil bli ei tekstsida, og det ser ut til at dette blir skeivast i starten av eit prosjekt.

For Sula ser ein denne skeivfordelinga ved at arbeidet med band 1 i gjennomsnitt utgjorde 3,16 timer pr. side, medan Sørumgård nyttar 2,71 timer pr. side med band 2. Da har han altså skrive til saman 152 sider for dei tre resterande banda, som han altså «har til gode» til seinare. Timetalet pr. side for dei resterande banda vil dermed bli lågare enn for band 2, men det er umuleg å stipulere kor mykje lågare, m.a. fordi dei sidene som er skrivne er likevel ikkje heilt ferdig. Også andre oppgåver må reknast inn (t.d. korrektur etter utsending av manus til husstandar som for Sula førebels utgjer kring 0,17 timer pr. side). Sørumgård meiner derfor ut frå det han no ser at han til slutt vil stå att med om lag 2,5 timer arbeidstid pr. manussida slik Sula-soga er oppsett.

5.2 Forventa sidetal i den nye Herøyboka etter prognosesystemet

Ut frå talet på bustader og «total brukstid» slik det kan reknast ut frå talet på bustader i EHB og talet på bustader i Herøy i dag (3121) har Sørumgård dermed rekna ut at sidetalet i den nye Herøyboka vil bli mellom 1250 og 1550 sider ferdig tekst i eit word-format som tilsvrar omrent eit bokoppsett på 17 x 24 cm utan illustrasjonar. Teksten består da av familieoppstillingane (inkl. ei kort tekst om kvar familie), bustadoverskrifter og ei line eller to med tekst om kvar bustad (jf. vedlegg 2). All tekst utover dette fører til at prognosene blir misvisande.

Med ein illustrasjonsgrad på 25 % tyder dette at dersom den nye Herøyboka skal vere i 3 band blir kvart band på mellom 1250 s. + 25 %/3 = 528 sider og 1550 s. + 25 %/3 = 656 sider.²⁶ I tillegg kjem da i alle fall tittelsider, forord og innhaldslistar i kvart band, og evt. register viss ein vil ha det bandvis.

I møte med styret i sogelaget 31.1.2006 var det semje om at det forventa samla sidetalet er for stort for tre band. Sogelaget ønskjer kalkyle basert på at den nye herøyboka skal gjevest ut i fire band (pluss registerband). Kalkylen i vedlegg 3 er basert på det.

²⁶ Avrunda opp til nærmeste sidetal deleleg med 16-sidige ark, slik at det òg blir med plass til tittelside, forord og innhaldsliste. Men dersom ein òg vil ha med detaljert innhaldsliste (der alle bustader blir lista opp) trengs truleg fleire sider (t.d. 7 sider i Busetnadssoga for Volda band 1).

5.3 Lenkearbeidet fram til trykkelar tekstu etter prognosesystemet

Dette ser etter det prognosesystemet Sørumgård har utvikla ut til å vere den absolutt mest arbeidskrevjande delen av prosjektet. Det er òg den som det er vanskelegast å kalkulere: dei erfaringstala vi har (frå Sula-prosjektet) er bygd på at Sørumgård sjølv har gjort desse oppgåvene, og det er umuleg på førehand å vete kor raskt ein annan vil gjere same arbeidet.

Prognosesystemet vil følgje med som eit gratis tilleggsprodukt til dataprogrammet BSS, og det vil da vere slik at brukaren sjølv kan ta tida ho eller han nyttar for kvar av det BSS kallar «namnegard». ²⁷ Når brukaren så har lagt inn arbeidstida som har gått med til nokre slike gardar vil systemet etter kvart gje ei relativt nøyaktig prognose på den totale arbeidstida som same brukaren vil trenge for å fullføre prosjektet. Men før vedkomande startar er det sjølvsagt nokså vanskeleg å stipulere tida ho eller han vil bruke på arbeidet.

Eit par moment til vurdering:

- Sula hadde ikkje eldre bygdebok med tilsvarende kvalitet som EHB, berre *Borgund og Giske* bd III (1964) med brukarlistar for gardsbruks fram til ca 1960, ingen ting om barna til brukarane eller folk på bustadhus. Det prosjektet var avhengig av husstandsskjema for tilnærma all informasjon attende til kyrkjebøkene kring 1930. Det er umuleg på førehand å vite noko om kva effekt EHB-registreringa kan få å seie for den samla arbeidsmengda i Herøyprosjektet i høve Sula. Sørumgård meiner heile tidskalkyla førebels er såpass usikker at det ikkje kan forsvarast å ta omsyn til eit slikt forhold.
- Sørumgård har gjort eit slikt lenkearbeid før han utvikla BSS-programmet (ættesogedelen i *Bygdabok for Lom*), han har altså utforma hovudinhaldet i to band av Sula-soga og kjenner derfor metoden (det historiefaglege «handverket») ut og inn. Han er òg geografisk plassert utanfor undersøkingsområdet og blir ikkje «hefta» i nemnande grad av velmeinande førespurnader får fjern og nær om slektsforhold o.l. – slik ein må rekne med ein prosjektmedarbeidar som er plassert i lokalsamfunnet blir (med påfølgjande auka tidsforbruk). Det er òg umuleg å vite kva dette forholdet kan få å seie for arbeidsmengda.

Men det er eit forhold som utan tvil er sikkert: dess meir fullstendig og god informasjon prosjektmedarbeidaren får inn gjennom husstandsskjemaa, dess mindre tid vil ho eller han bruke på dette lenkearbeidet.

Sørumgård vurderer altså tidsforbruket på Sula-soga pr. i dag slik at han kjem til å bruke ca 2,5 timer pr. ferdig manusside heile prosjektet sett under eitt. Overført på Herøy og det sidetalet som er kalkulert framafor gjev det eit samla arbeidstidstetal på mellom 3125 og 3875 timer til lenkinga, viss Sørumgård skulle gjort arbeidet. Kva tillegg eller fråtrekk ein skal rekne for dei to strekpunkta over må bli reint skjønnsmessig.

Eg trur nok ein bør rekne nærmare 5000 enn 4500 timer på ein person som i utgangspunktet er ukjent med programmet og metoden.

5.4 Redaktørarbeid: «samansyng» av tekstu, bilde og kart for trykking

Eigne erfaringar etter at eg dei siste 20 åra har hatt redaktøransvaret for 9 slike bygdebokband med over 5000 sider trykt tekstu, kart og bilde er at eg no redigerer ca 5–6 sider pr. time. I det er medrekna kontroll med sideoppsett, bilde- og illustrasjonsplassering, kontroll og justering av bildetekstar på grunnlag av innkomande informasjon o.l.

No er det lagt opp til at oppsettet av den nye Herøyboka blir nokså lik Sula-soga (vedlegg 2), og da vil nok arbeidet gå noko lettare (teksten er i prinsippet heilt klar til trykking når arbeidet startar). Eg vil tru eg vil klare å redigerer nærmare 10 sider pr. time med slik tekstu.

²⁷ Bygdebøker på Sunnmøre har som oftast vore disponert etter *matrikkelgardane* i undersøkingsområdet.

Eg ville med andre ord kome til å bruke mellom 60 og 80 timer pr. band på å redigere kvart av dei tre planlagde Herøy-banda. Det er kanskje rimeleg å rekne at ein meir urøynd redaktør vil klargjere nokre sider mindre pr. time. I kalkylen er det sett opp 300 timer til dette arbeidet.

I tillegg kjem ei eingongsoppgåve for redaktøren: skrive forklaring/rettleiing til verket i form av eit innleiingskapittel. Tida som går med til det ligg inne i timeoppsettet for redaktøren.

5.5 Samla timetalsbehov, lønna arbeid – framdrift og avslutning

Ut frå dei resonnement som er gjort her, kan det sjå ut som om det vil vere behov for ca 7500 lønna arbeidstimar til dette prosjektet. Det utgjer knapt 4,5 årsverk. Med dei føringar som er lagt, er det ikkje mykje som kan gjerast som «team-arbeid», dvs. med fleire medarbeidarar. Det som står att av kjeldearbeit (husstandsskjema) må gjerast ferdig før lenkearbeitet startar, og det er som nemnt einmannsarbeid.

Under føresetnad av at dei timeoversлага som er sett opp held, vil prosjektet dermed kunne fullførast innan sommaren 2010. Oppsettet under pkt. 8 tek utgangspunkt i denne føresetnaden.

5.6 Grendevise innleiingskapittel

Sogelaget tek som nemnt i pkt. 1.1 sikte på å få skrive 10–12 innleiingskapittel til dei forskjellige glandene i kommunen. Til dette arbeidet ønskjer sogelaget å sette av 4 månadsværk lønna arbeid. Dette er innarbeidd i kalkylen i vedlegg 3 i samsvar med den planlagde framdrifta for dei fire banda.

6 Kvalitetssikring

Kvalitetssikring er eit moderne omgrep som sogeskrivarar og sogelag alltid har hatt med i sine planar, om enn utan at nett denne nemninga har vore brukt.

Bygdebøker av denne sjangeren er heilt avhengig av at dei ikkje inneheld feil (eller i praksis så få feil som muleg). Det er betre å utelate ein informasjon ein er usikker på, enn å ta den inn og risikere at teksten blir feil.

Det er likevel to særskilte kvalitetssikringstiltak sogelaget bør legge inn i dette prosjektet:

- utsending av manus til alle husstandar før eit band blir trykt med ein frist for å melde tilbake viss noko er mangelfullt eller feil, og
- språkleg gjennomgang av tekstelementa, dei frasene som blir brukte, skrivemåten av stadnamn m.m.

Til det første strekpunktet har BSS funksjon for å ta ut ei automatisk adresseliste ut frå siste bebuar som er registrert på kvar bustad. Denne operasjonen har eg gjennomført på alle dei 8 banda eg har redigert, og den er særskilt viktig: blir det så feil eller manglar i eit band, som nokon kunne ha retta opp, har dei sjølve skylda, ikkje redaktøren/utgjevaren.

Til det andre punktet er særleg skrivemåten av stadnamn noko som vanlegvis utløyser rabalder i bygde- og bysamfunn. Dette bør derfor avklarast tidleg i prosessen, og mitt råd er at sogelaget held seg til stadnamnlovas intensjon *og er konsekvent*.

Som det framgår av vedlegg 2 kan det også bli ein viss tekstoppgåve for redaktøren. Her er det meir snakk om fraser/«telegramstil». Viss den som skal skrive saman familietekstane er trygg på eiga språkføring, trengs det neppe ekstern hjelp til dette – men sogelaget bør likevel drøfte det.

7 Bokproduksjonen

Bokproduksjonsarbeidet blir betydeleg enklare ved bruk av BSS. Programmet kører ut ferdig formatert tekst i rtf-format med stilkoding som det er heilt uproblematisk å overføre til trykkeri.

Til sjølve kontakten/forhandlingane med trykkeri og profesjonell utforming av anbods-dokument²⁸ kan det vere ein fordel å nytte ein grafisk konsulent. Det same gjeld for profesjonell bildebehandling.²⁹ Dersom sogelaget her ikkje opptrer profesjonelt, kan det kome på store ekstra kostnader. Sjå elles pkt. 8.3 nedafor.

8 Praktisk framdriftsplan – kommentarar til vedlegg 3

8.1 Delprosjekt 1: Prosjektleiing, reserve/rente

Dei første postane i økonomi- og framdriftsplanen del 1 (vedlegg 3) inneholder desse postane:

- 1a Lokal prosjektleiing/andre timer (møte etc.)
- 1b Fagleg rådgjeving høgare kompetansenivå
- 1c Fagleg rådgjeving lågare kompetansenivå
- 1d Styringsgruppe/nemnd (honorar, servering, reise)
- 1e Reserve/driftskostnader 10 % av br. utgifter
- 1f Renteutgifter, 5 % av negativ likviditet.

Her er det førebels sett inn 250 timer, prosjektet sett under eitt, fordelt med 75 timer i 2005–06, deretter 50 t. pr. år fram til og med 2009 og 25 t. i 2010.

Det er òg sett av 60 timer innleige av ekstern kompetanse.

Når det gjeld styringsgruppe/nemnd diverse kostnader (her bør ein òg rekne med at det kan kome kurs det er relevant for nokre å delta på) har eg førebels sett av kr 2.500 t.o.m. 2007, deretter kr 2.000 og kr 1.000 siste året (2010).

Sogelaget ønskjer å legge inn ein reservepost for uforutsette kostnader. Posten blir sett til 10 % av brutto prosjektutgifter. Rentekostnaden er sett til 5 % årleg rekna av halvparten av utgåande negativ likviditet pr. år (t.d. etter første driftsår, 2005–06 står likviditeten i kr 330.000, og renta er rekna som 5 % av halvparten, kr 8360).

8.2 Delprosjekt 2: Stoffbearbeiding inkl. tekstproduksjon – muleg framdrift

Hovuddelen av arbeidet i prosjektet har eg plassert under dette:

- 2a Dataregistrering eksisterande Herøybok
- 2b Innsamling/registrering av husstandsskjema
- 2c Anna registrering/vedlikehald av register:
- 2d Dataprogrammet BSS, konvertering av data, lisens
- 2e Familierekonstitusjon. (lenking/koppling/utpllassering på bustad)
- 2f Kostnader knytt til 2a-f (reise/digitalisering/kopiering)

Her er arbeidet med post 2a godt i gang, jf. framafor. Post 2b er planlagt og kalkulert, men timetalet (1332) er som nemnt usikkert. Post 2c er ein liten post, oppsett med 100 arbeidstimar. Post 2e er den store posten (jf. pkt. 5.3 framafor) og post 2f er kostnader som følgjer desse oppgåvene.

Desse oppgåvene kan fordelast på fleire medarbeidarar, men oppgåvene under 2a og 2b (og til dels 2c) må utførast før ein treng iverksette 2d og starte arbeidet med 2e.

²⁸ Jf. artikkel av Jan Helge Soltvedt i Lokalhistorisk magasin nr 4/2005 s. 14–16.

²⁹ Jf. artikkel av Jan Helge Soltvedt i Lokalhistorisk magasin nr 3/2005 s. 4–6.

Sogelaget har allereie engasjert Per-Ståle Moltu som prosjektmedarbeidar med 35 % hausten 2005 og våren 2006. Det utgjer 591 arbeidstimar. På den tida bør han klare å fullføre registreringa av den eksisterande Herøyboka og starte opp arbeidet med husstandsskjemaa.

Så har eg føresett at det blir engasjert ein medarbeidar i 100 % frå 2. halvår 2006 til å fullføre arbeidet med innsamling og registrering av husstandskjemaa. Det er absolutt ein fordel om dette òg kan utførast av Moltu, som no er godt kjent med arbeidsprosessane. Sjølve timetalsprognosene er òg laga på grunnlag av det arbeidet han har gjort, og viss ein annan skal inn må denne reviderast.

Når ein reknar inn litt andre arbeidsoppgåver under prosjektleiing (post 1a) og andre register (2c) ser det da ut til at 2b kan fullførast med medarbeidar i 100 % stilling i løpet av 60 % av vårhalvåret 2007 (dvs. til siste del av april).

Så definerer eg den som skal utføre hovuddelen av arbeidet, som òg krev ei forståing for kjelder og metode, som redaktør med ansvar for lenkearbeidet. Vedkomande kan under dei føresetnader som er sett opp framafor starte det arbeidet ca 1. mai 2007. Viss han/ho arbeider i 100 % stilling til og med første halvår 2010 vil vedkomande ha utført 5400 timer, noko som med eit mindre tillegg dekkje opp post 2e, attståande delar av 1a, 2c og 4b (sjå nedafor).

Teoretisk vil dermed siste band kunne sendast trykkeriet sommaren 2010.

8.3 Delprosjekt 3 og 4: Grendeinnleiingar, illustrasjonar/ferdiggjering, bokproduksjon/opplag

Om grendeinnleiingane, sjå pkt. 5.6. Det skal altså settast av 4 månadsverk til dette arbeidet. I Kalkylen er det omrekna til 600 timer på same løinsnivå som den lokale prosjektleiaren.

Jf. pkt. 3.9 framafor når det så gjeld bildebruk. Sogelaget må bestemme kva som skal settast av til dette arbeidet. Det same gjeld kartdelen.

Sula-soga fekk altså gratis kart. Konvertering til det einbrukar kartsystemet som er brukt i dette og Volda-prosjektet kostar ca kr 20.000. Klargjering av kartet for namning og trykking kan kanskje gjerast for kr 10.000, og så må den som har ansvaret for lenkinga kunne gå inn på kvart kartutsnitt og plassere bustadnamna. Tid til slikt arbeid ligg ikkje inne i denne prognosene, og den er særskilt vanskeleg å rekne ut, men det er sett opp 100 timer i tillegg på lenkaren til dette.

Det er vanskeleg å forutsjå kostnadene til sjølve bokproduksjon såpass langt framover i tid. Ut frå erfaringane frå dei siste 20 åra aukar ikkje desse kostnadene, og kvaliteten blir stadig betre.

Etter som Herøy disponerer flyfoto i fargar frå 1960-åra (Widerøe), og kanskje òg andre fargebilde, bør ein vurdere sterkt å trykke bøkene i fargar. Ei slik bok får i større karakter av *verk*, og prisen pr. bok kan settast såpass mykje høgare utan at den blir avskreckande at det truleg vil lønne seg.

Det er knytt stor usikkerheit til produksjonskostnadene for slike bøker når trykkinga ligg såpass langt framme i tid. Mi erfaring er at desse kostnadene har gått til dels dramatisk ned i dei meir enn 20 åra eg har drive med bøker. Dette gjeld både i høve kvalitet og kanskje særleg bruk av fargetrykk.

Eit vanskeleg spørsmål er kva opplag ein skal ta sikte på. Det er store variasjonar i kor godt slike bøker sel – men det heng sjølvsgått òg saman med kvaliteten på innhaldet, utforming med bilde og andre illustrasjonar m.m.

Produksjonstilbodet til Busetnadssoga for Volda frå juli 2005 inneheldt desse produksjons-prisane, bygd på levering av ferdig manus frå BSS, ferdig skanna (men ikkje finjusterte) bilde, gjennomgåande fargetrykk, format 17 x 24 cm og opplag 3000:

Sidetal: 608, 225 illustrasjonar, pris kr 355.000. Ved trykking i reint svart/kvitt: kr 266.000

Sidetal 416, 154 illustrasjonar, pris kr 240.000. Svart/kvitt: kr 185.000.

Eg rår til at sogelaget pr. i dag ikkje tek endeleg standpunkt til desse spørsmåla – det er for mykje ein ikkje veit. Mitt forslag med ei 4-bandsløysing er å sette av kr 275.000 pr. band i produksjonskostnader.

8.4 Delprosjekt 5: Inntektene (boksalet) – variable kostnader

Her er det i vedlegg 3 del 2 pkt. 4 sett opp ei salsprognose som går ut med eit sal på 2100 eksemplar av 4 band fordelt på åra 2008–11 og seinare, og 1500 eks. av eit siste registerband. Da går prosjektet nokså nøyaktig i balanse med ein utsalspris på i underkant av kr 600 (*Busetnadssoga for Volda* blir sold for denne prisen) og variable kostnader på 25 %.

Dei variable kostnadene er òg vanskeleg å stipulere. Ved direktesal går i prinsippet 100 % til utgjevar, evt. fråtrekt portokostnader. Ved sal gjennom forhandlarar er det slik at desse enten sel i kommisjon, dvs. med returret eller kjøper eit antal bøker i s.k. «fast rekning» mot ein viss rabatt på den faste utsalsprisen. Den er vanlegvis 25 % på kommisjon og opp til 35 – 40 % ved kjøp i fast rekning.

Det er mange andre salskanalar: skuleklassar kan selje mot provisjon til skuleturar, lag og organisasjoner kan selje på same vilkår osv. Dette bør sogelaget raskt starte arbeidet med å førebu. 25 % er sett opp som eit gjennomsnitt, men eg kjenner ikkje til erfaringstal frå denne delen av bygdebokprosjekt.

9 Oppsummering – spørsmål sogelaget må vurdere i den vidare prosessen

Eg har framfor drøfta ein god del problemstillingar som bør avklarast så tidleg i prosjektet som muleg, m.a. for å forhindre at ein plutsleig kjem over «spesialtilfelle» som krev omfattande omstruktureringar for å kunne innpassast i det bygdebok-oppsettet ein har lagt seg på. Dei viktigaste er:

- Bruk av dataprogrammet BSS (pkt. 4.5 og vedlegg 1). Dette vil leggje visse føringar på korleis resten av prosessen blir lagt opp. Det gjeld både på den faglege og økonomiske sida. Dersom sogelaget vel ikkje å bruke BSS fell grunnlaget for timetala knytt til post 2e i vedlegg 3 bort.
- Definisjon av bustad, jf. pkt. 2.3. Eg rår altså til at sogelaget legg til grunn same definisjon av bustad som Statistisk Sentralbyrå og at det blir opna for å ta inn familieinformasjon knytt til alle slike «sekundære» bustader, men at det ikkje blir lagt stor vekt på å skaffe inn slik informasjon til prosjektet.
- Kriteria for å bli lista som sjølvstendig «familie», jf. pkt. 2.5. Her rår eg på same måte til at sogelaget er nokså ope og tek inn informasjon, særleg der det er snakk om familiestrukturar med barn. Informasjon om andre grupper kan leggast inn, men det bør ikkje leggast mykje arbeid i framskaffinga.
- Opplegg for utsending av husstandsskjema, jf. pkt. 3.3 og 3.4. Her rår eg altså til ei todelt utsending: først ei adressert utsending av utskrifter frå registreringa av den eksisterande Herøyboka (som medfører at det blir laga eit særskilt adresseregister over dei bustadene som er med der) og deretter uadressert utsending av skjema til alle husstandar.
- Avgrensing av namnegardane i undersøkingsområdet, jf. pkt. 2.4 og vedlegg 1.

Nokre element som har betydning for økonomien i prosjektet:

- Oversлага over timeforbruk og tal på husstandar/skjema i pkt. 4.2.1.

- Er registrering av dødsmeldingane hos sorenskrivaren/på Statsarkivet nødvendig? (Kan evt. vente til ein ser om timekalkylane for arbeidet med husstandskjema held.)
- Organisering av støtte til innsamling av husstandsskjema (pkt. 3.4.1) med friviljuge, ulønna grendekontaktar.
- Friviljug, ulønna bilderedaksjon (pkt. 3.9 og 4.4).

10 Særskilt relevant litteratur med kommentarar

Fladby, Rolf og Harald Winge (red.) 1984: *Lokalhistorie i emning. Frå idé til bok.*

Universitetsforlaget. Inneheld framleis nyttig generell informasjon om organisering og planlegging av bygdebokverk, arbeidsprosessen, bokproduksjons- og salsdelen av slike prosjekt.

Kjelland, Arnfinn og Harald Endre Tafjord 2004: *Busetnadssoga for Stryn. Forprosjektrapport.*

Høgskulen i Volda. Omfattande forsøk på gjennomgang av alle arbeidsoperasjonar som må gjerast viss Stryn kommune skal få eit moderne bygdebokverk med utgangspunkt i dei gamle Aalandsbökene.

Kjelland, Arnfinn, Ole Martin Sørumgård og Jens Johan Hyvik 2004: *Sula-soga. Busetnadssoga. Band 1: Kvasnes – Bjørkavåg.* Stiftelsen Sula-soga. Første band i bygdebokverk

der personinformasjonen er samanstilt og skrive ut med dataprogrammet BSS.

Innleiingskapitlet gjer greie for oppbygginga og krysstilsivingssystemet.

Kjelland, Arnfinn, Olav Myklebust og Gunnar Andenes 2005: *Busetnadssoga for Volda. Band 1 Dalsfjorden.* Volda kommune. Band 1 i bygdebokverk med grenedesoger og omfattande

bruk av innsamla bilde, der personinformasjonen er samanstilt og skrive ut med data-

programmet BSS på same måte som i Sula-soga. Innleiingskapitlet gjer greie for

oppbygginga og krysstilsivingssystemet.

Vefsider for dataprogrammet Busetnadssoge (BSS), spesielt pkt. 14 i menyen til venstre,

brukarrettleiring: <http://tilsett.hivolda.no/ak/BSS/Busetnadssoge.html>

Vedlegg 1: Bruk av dataprogrammet «Busetnadssøge» (forkorta BSS) i Herøyboka

Generelt

Eg legg ikkje opp til ei utfyllande skildring av dette programmet her. Detaljar, inkl. gjeldande brukarrettleiing, finn ein på: <http://tilsett.hivolda.no/ak/BSS/Busetnadssøge.html>

Programmet er testa i full skala på bygdebokprosjekt for Sula (to band, 2004 og 2005) og Volda (eitt band, 2005). Det er eit særstakt verktøy for alle arbeidsoperasjonar frå dei skriftlege kjeldene er ferdig innsamla og registrerte til ein er klar til å generere tekstfiler klare for ombrekking og trykking.

Person- og kjeldennivå: hendingar og relasjonar

Når ein skal arbeide med BSS (men òg heilt generelt) kan det vere nyttig å tenkje seg personinformasjonen på fleire nivå. Øvste nivå er kvart enkelt menneske, som det har budd og bur eit antal av i kommunen.

Informasjonen om desse finst i forskjellige former for *kjelder*, som blir neste nivå. Kyrkjebøker og folketeljingar er dei viktigaste i litt eldre tid, medan registrering av døde/gravleggingar, vigselsinformasjon i kyrkjeblad o.l. er døme på skriftlege kjelder frå siste hundreåret. Det same er den eksisterande Herøyboka (datofest til utgjevingstidspunktet) og dei skjema ein planlegg å sende ut til kvart hushald (datofest til innleveringspunktet).

Det særskilte med vidarebehandlinga av desse kjeldene i BSS er ei vidare systematisering/inndeling av innhaldet i kjeldene i to nivå. Fyrst deler vi kjeldene inn i *kjeldehendingar*. Enklaste døme er kyrkjeboka: ei dåpsinnføring i kyrkjeboka er ei kjeldehending. Det er viktig å få *datofest* alle slike hendingar, slik at dei seinare kan *sorterast* i rett kronologisk rekkefølge.

Andre døme på slike kjeldehendingar er sjølv sagt dei andre kyrkjelege hendingane: konfirmasjon, altargang, vigsel, jordfesting. Kvar enkelt slik er ei kjeldehending. *Alle* kjelder kan i prinsippet delast inn slik. T.d. er det naturleg å definere eitt arveskifte som ei kjeldehending. I andre tilfelle er oppdelingane mindre naturlege, men fullt mulege. Det gjeld t.d. ei folketeljing. Der har vi lagt oss på å definere *hushaldet* som ei kjeldehending. I EHB er kvar «familie» under bruksnumra ei kjeldehending. Kvart husstandsskjema blir ei kjeldehending osv.

Kvar kjeldehending inneholder så ei eller fleire av det vi i BSS kallar *personhendingar*. Enklaste dømet er framleis ei dåpsinnføring i kyrkjeboka. Ho inneholder normalt minst namnet på dåpsbarnet, far og mor (og fadrar³⁰). Ei dåpsinnføring i kyrkjeboka inneholder dermed minst tre personhendingar: «hovudperson ved dåp», «far ved dåp», «mor ved dåp» (+ fadrane). Ein oppsett familie i den nye Herøyboka eller eit husstandsskjema inneholder dermed like mange personhendingar som det er personar nemnde i familiien/på skjemaet.

Kjeldehendingane inneholder som oftast òg heilt nødvendig informasjon om *relasjonane* mellom personane i hendinga. Vi snakkar her først og fremst om biologiske relasjonar, men òg sosiale og juridiske. Ei dåpsinnføring som nemnt framfor inneholder informasjon om relasjonar mellom mor og barn og far og barn, og i tillegg (ved ektefødde) om ein sosial og juridisk relasjon mellom mor og far (dei er gifte).

Ei personhending er i BSS ein datapost i eit format som sterkt forenkla inneholder: kode for og referanse til kva kjelde ho er frå, eit løpenummer, eit tidspunkt, fornamn, farsnamn, etternamn

³⁰ Desse tek ein ofte ikkje med i bygdebokprosjekt, fordi arbeidsmengda ved å dataregistrere dei er stor i høve kva denne informasjonen kan nyttast til innafor slike prosjekt.

og bustadinformasjon. I tillegg er sjølvsagt informasjon om relasjoner som framgår av kjelda lagra.

Arbeidsprinsipp i BSS: lenking av personar, kopling av familiar

Arbeidsprinsippet med BSS er så at brukaren (etter at ferdig registrerte kjelder er importerte) ved hjelp av programmet på ein effektiv måte *samlar og sorterer i ei liste på skjermen dei personhendingane der namna er samanfallande*. Så må ein person med tilstrekkeleg kompetanse («forfattaren») vurdere om den personen som står som døypt på eitt tidspunkt, evt. konfirmert, evt. tilstade ved ei folketeljing, evt. som brur ved vigsel, mor ved nye dåpsinnføring og til sist som gravlagd, *var ein og same person*. Denne prosessen kallast å *lenke* informasjonen saman, og den må i eit bygdebokprosjekt gjerast av ein som kan handverket, forstår kjeldene, kan vurdere avvik i desse (t.d. forskjellig aldersoppgåver i forskjellige kjelder) opp mot kvarandre osv.

Når så ein person i materialet er lenka ferdig, fungerer BSS slik at programmet automatisk utnytter den relasjonsinformasjonen som ligg i kjeldene og *koplar* saman personar som heng saman til tilnærma ferdig oppsett familiar.³¹

Programmet ser m.a. til at ein ikkje lenkar ei personhending til fleire forskjellige personar, og tillet ikkje utan vidare etablering av familieoppsett det ikkje finst kjeldegrunnlag for.

Ikkje noko av dette er prinsipielt nytt. Det har vore gjort tilnærma likt i nærmare hundre år, men tidlegare i form av at kjeldene vart skrivne av for hand, gjerne på lappar, desse vart sorterte manuelt osv. – eit mykje meir tungvint og tidkrevjande system. Det har òg vore laga andre data-program som har utført delar av desse operasjonane. Datamaskina *kan* for så vidt gjere alle operasjonane (lenking og kopling) automatisk, men da vil det oppstå ein del feil, kanskje 10 – 15 %. Det er utvikla slike program i utlandet. For forskingsformål kan det tolererast, men ikkje i bygdebøker.

Det som er prinsipielt nytt med BSS, er opplegget for å opprette eit bustadregister og så plassere familiene på desse, fortrinnsvis i korrekt kronologisk rekjkjefølgje. Når det er gjort, genererer programmet alle krysstilvisingar automatisk (sjå nedafor)

Bustadene i BSS – namnegardsnivået

Sjølve oppbygginga av bustadregisteret i BSS er tilsynelatande ukomplisert.³² Men også dette er organisert i fleire nivå. Nivåinndelinga er brukarstyrt, og tilrettelagt m.a. for bandinndeling og eit «grendenivå» i den ferdige bygdeboka. Desse nivåa treng ein ikkje bruke, viss det berre skal vere eit band og ingen informasjon på eit «grendenivå».


Men ein må ha to nivå i bustadorganiseringa. Det øvste blir i BSS kalla *namnegard*. Den namne- og historiefaglege definisjonen av dette omgrepet er ein gard som hadde fått særskilt namn før Svartedauden. I BSS står brukaren for så vidt fritt til å definere namnegardar i undersøkingsområdet som ho/han vil, t.d. meir i samsvar med matrikkelgardane, slik det tradisjonelt har vore gjort (m.a. i EHB). Men det er nokre avgrensingar ein bør vere klar over: BSS-namnegardane må ha eintydige namn (og helst lett gjenkjennelege), fordi dei er avgjerande for krysstilvisingane. Dei må òg dekkje alle fysiske bustader som er omtalt i verket, dvs. gardsbruk, bustadhus, plassar og andre bustader som finst i dag eller har eksistert og som skal vere med i framstillinga.

I tillegg er ser det ut til å vere strukturar i visse kystområde som gjer det vanskeleg å gå etter matrikkelnummersystemet. Det gjeld t.d. når det er større område som tidlegare har lege i

³¹ Bss nyttar nemninga *persongrupper*, som òg kan omfatte andre grupper enn tradisjonelle familiar, t.d. sysken som driv ein gard saman. Også enkelpersonar må settes opp i slike «grupper», viss dei skal stå oppført sjølvstendig i ei bygdebok, men det er reink teknisk og vil ikkje vere synleg i utskrifter.

³² Det følgjer standard Windowsprosedyrar -utsjånad.

sameige mellom fleire gardsnummer, men som seinare er utskrifta og har fått nummer etter dei opphavlege eigargardane. Viss slike område har fått tettare busetnad, t.d. i form av bustadfelt, vil det å følgje matrikkelen som BSS-namnegard kunne føre til rotete og uoversiktleg disposisjon i bygdebokverket. I så fall er ei løysing å skilje ut heile området som eigen BSS-namnegard. Det vil vere fornuftig å gjere ein gjennomgang av busetnads- og matrikkelnummersystemet i Herøy og definere alle BSS-namnegardar før arbeidet med lenking tek til.



Figur 1: Oppbygginga av bustadregisteret i BSS, døme frå Busetnadssoga for Volda. Vi ser undernivå 1 (seksjon i BSS) tilsvrar fyrste bandet (Dalsfjorden) osv. Under band-/seksjonsnivået er det grender (område i BSS), under grendene namnegardar og under namnegardane bustader (Skoglund, Monsgarden osv.). Familiane blir plasserte under kvar bustad. Til høgre er det felt for diverse informasjon knytt til bustaden, t.d. gardsnummer/bruksnummer, adresse osv. og eit felt (med ein enkel editor) der kortare historietekst om bustaden kan skrivast (her av Olav Myklebust). Merk området nedst til høgre: ved å høgreklikke der kan ein «lenke» inn diverse dokument som er relevante for bustaden og/eller folket der, t.d. kjeldeavskrifter som ikkje er importerte, epostbrev, bilde o.l. Desse kan ligge i eit mappesystem der same dokument kan lenkast til alle bustader det er relevant for, og altså fungere som eit elektronisk «gardsmappesystem».

Arbeidsgangen i BSS-prosjekt

Det er muleg å legge opp arbeidet med eit slikt prosjekt på fleire måtar. Men vi tilrår at brukaren samlar all informasjon i papirbaserte eller elektroniske «gardsmapper», dvs. mapper på kvar namnegard eller kvar bustad. Arbeidet bør så starte frå ein ende i bygda, og forfattaren gjer helst heilt ferdig familiane og plasserer dei ut på bustadene under første namnegard for ho/han går vidare til neste.

Brukaren har som regel eit papirbasert utgangspunkt – Herøyboka vil sjølvsagt vere det naturlege for Herøy sogelag. For andre prosjekt kan t.d. folketeljinga frå 1900 fungere slik.³³

³³ Vi rår elles til at det blir laga bruksdelingskjema under namnegardane der det er mange bruk langt attover i tida.

Med utgangspunkt i personar forfattaren veit har budd på bustaden, søker ho/han fram alle personhendingar knytt til desse ved hjelp av eit effektivt søker-/indekssystem i BSS.

The screenshot shows a Windows application window titled 'Søking'. On the left, a table lists search results:

| Nr | Type | Søk | Tal |
|----|-----------------|--|-----|
| 1 | Personhendingar | [Fornamn = 'Britanus' Normalform, ulenka] | 546 |
| 2 | Personhendingar | [1] × [Farsnamn = 'Erik' Normalform, ulenka] | 5 |

To the right is a sidebar with a list of names under 'Farsnamn' and buttons for 'Objekt', 'Namn', 'Andre', 'Indeks', and 'Relasjon'.

Below the search results is another table showing specific events:

| Referanse | Namn | Type | Stader |
|-----------------------|---|-------------|------------------------|
| Gravlegging 23.5.1826 | Peter Britanus Erichs., f. [??-5.1826], d. 20.5.1826 | HP (m) | Valderhaug (b) |
| Gravlegging 28.4.1857 | Peter Andr. Britanus Eriks., f. [25.4.1857], d. 26.4.1857 | HP (m) | Waagnes (b) |
| Dåp [1857] | Peter Andreas Britannus [Erichss.], f. 25.4.1857 | HP (m) | [Waagnes] (f) |
| Dåp 26.12.1860 | Niels Britanus Johan [Erikss.], f. 16.11.1860 | HP (m) | [Valderhougstrand] (f) |
| Vigsel 25.10.1896 | Ole Karl Britanus Eriks. Tenfjord, f. 1871 | Brudgom (m) | Vatne (b), Vatne (f) |

Figur 2 Søkevindu frå Sulasoge-basen. Her er det søkt på ein person Britanus Eriksson, og BSS har funne 5 hendingar: ei gravlegging i 1826, ein dåp i 1857, ei gravlegging i 1857, ein dåp i 1869 og ein vigsel i 1896. Vi ser her at i alle fall dei to hendingane i 1857 må gjelde same personen, som kan lenkast.

Når så brukaren har lenka saman personane på skjermen etter visse faste prosedyrar, er det naturleg å sjå over korleis familiesoppsettet ser ut, om personar er avglymde pga. at telefonen ringte o.l.

The screenshot shows a window titled 'Utskrift av gruppe' for the period '11-1. 1860 – 1891'. It contains the following text:


Syver Jesperss. frå Tuftan, Bjorlie (7-1), f. 11.2.1825, d. 4.7.1892, gift 25.6.1860 med Ågot Tostensd. frå Demordpå, Bjorlie (10-5), f. 8.12.1830, d. ?. Han fekk med Sigrid Tostensd. frå Berget, Bjorlie (5-3b), f. Bjorlie 18.11.1818, d. 17.3.1892, sonen:
 1 Elias, f. 25.12.1851, d. ?.
 Syver og Ågot fekk barna:
 1 Margrete, f. 4.4.1861, sjå Skridtu, Bjorlie (14-4).
 2 Tosten, f. 24.4.1864, sjå nr 11-2.
 3 Kari, f. 8.5.1867, sjå Demordpå, Bjorlie (10-6).
 4 Jensine Mari, f. 18.5.1871, sjå Bjarli Samlingshus, Bjorlie (32-3).

A button at the bottom right says 'Skriv til fil...'.

Figur 3 Utskrift av familie frå Lesja (demoversjon BSS), tilnærma slik den blir sjåande ut på skjermen. Kan også skrivast til fil og deretter ut på papir.

Når så familien er oppretta (eigentleg er det nok med hovudpersonane), har BSS ein funksjon der brukaren med PC-musa «dreg» familien over på bustaden og slepp han på plass der. Deretter bør det leggast på tidsperiode familien var hovudpersonar, jf. vedlegg 2, for at dei skal bli sortert rett i utlistinga.

Dersom ein familie flytta mellom fleire bustader, skal dei plasserast ut med tidsoppgåve på alle, men den eine skal definerast som ein «hovudbustad» der alle familieopplysningane skal stå. Programmet lagar så krysstilvisingar (jf. vedlegg 2).



Figur 4 Oppsett over familiar (BSS: persongrupper) på eit bruk under Nøringset på Søre Sula, frå Sulasoge-basen.

Brukaren kan så klikke på brukarpara i figur 4 for å få fram full informasjon og evt. ta utskrift.

Krysstilvingssystem og ledetekst

Måten det blir vist til kvar personar kom frå eller flytte til (innanfor kommunen) er noko forskjellig i BSS frå det som er brukt i den gamle Herøyboka og liknande system. BSS genererer automatisk krysstilvisingar mellom persongruppene, ved hjelp av dei numra som kvar familie/persongruppe får automatisk ved utplassering (sjå figur 4 og vedlegg 2).

Dømet i figur 4 er enklast: viss ein av dei personane som er plassert ut på Nymarka flytta ut til ein annan bustad på Sula, vil det t.d. på den nye heimen hans/hennar stå t.d.: Brit Kristoffersd. frå Nymarka, Nøringset (3-2). Krysstilvingane blir automatiskt genererte og oppdaterte i samsvar med alle endringar som blir gjort med personar på bustadene (og det vil normalt vere ein god del særleg i så tettbygde strøk som store delar av Herøy).

Merk elles at tilvising til familienummer berre gjeld det same bandet eller tidlegare utgjevne band. Det er ikkje råd å etablere komplette familienummer før ein bustad er ferdigredigert, noko som i prinsippet berre blir gjort for det aktuelle bandet ein arbeider med.

BSS har tilnærma ferdige ledetekstar. All tekst knytt til familiien i figur 3 er generert automatisk – forfattaren har ikkje skrive inn noko. Det er førebels ikkje høve til å velje formuleringar, men det står på utviklingsplanen for programmet. Det er likevel fullt muleg å redigere teksten etter han er køyrd ut frå BSS. Dette vil vere nødvendig i visse samanhengar, og da legg forfattaren inn særskilte markørar i basen som ho/han kan søkje på og rette opp etter teksten er eksportert.

BSS har som eit grunnprinsipp at kvar person skal listast ut med full informasjon berre ein stad, og i prinsippet på ein stad dei budde med begge foreldra. Ved endra samlivsformer i aukande omfang kan det t.d. føre til noko særskilt tekstdredigering i siste produksjonsfase.

Vedlegg 2: Sula-soga band 1-2 (2005) s. 54

Døme på tekstoppsett i samsvar m.a. med sidetalsprognose oppsett i pkt. 5.2, tilnærma korrekt høgde x breidde i bokformatet 17 x 24 cm (frå siste korrektur, det kan vere avvik i høve boka).

Mauseidvågen

5-15b. 1948 – 1952

Anna Måseidvåg frå nr 5-14, f. 27.7.1924, gift 18.12.1948 med Sivert Bakkelid frå Volda, f. 19.9.1920. Dei budde her dei første åra etter dei gifta seg. Sivert var delvis i Oslo. Barn f. her:

- 1 Ronald Bakkelid, f. 25.1.1951, flytte til Vinterbro i Ås.

Fam. flytte til Bærum, seinare Ski. Ho arb. som heimchjelp, han geodet.

5-15c. 1955/62 –

Peder Lars Lauritss. Måseidvåg frå nr 5-14, f. 7.8. 1913, d. 9.1.1991, gift med Jensine Andreasd. Nyhaug frå Nyhaugen, Djupvika, f. 10.9.1918. Skøyte på dei to gardpartane her 1955 og 1962. Barn:

- 1 Leif Arne Måseidvåg, f. 18.9.1946, sjå Våsgardane 3, Måseidvågen (27-1).
- 2 Atle Måseidvåg, f. 1947, sjå Myrbekkane 16, Måseidvågen (33-1).

6-2. 1880 – 1906

Nils (Martinus) Larss. frå Smed-Larsgarden, Sunde (11-6), f. 26.2.1850, d. 14.11.1906, gift 12.5.1878 med (Laura) Fredrikke (Agnete) Kristiansd. frå Kristiangarden, Sunde (9-7), f. 23.4.1851, d. 21.2.1896. Dei var tidlegare på Smed-Larsgarden, Sunde (11-7b). Skøyte 1880. I f.t. 1900 er Nils oppført som «koenmølleieier». Barn:

- 1 Berte (Ingeborg), f. 2.9.1879, sjå nr 6-3.
- 2 Karoline Hansine Nikoline, f. 31.1.1882, d. ?, heime 1900, «fabrikarbeiderske».
- 3 Laurits Ingvald Fridtjov (Louis Waag), f. 17.9. 1884, d. 14.8.1967, reiste til USA over Troondheim 1902, basette seg i Petersburg, ND. Dreiv med skogsarbeid og farming, seinare direktør i kornforretninga Petersburg Cooperative Elevator, Ugift. Sjå Utvandrarane s. 89.
- 4 Ingeborg (Berntine Petrine), f. 12.6.1887, d. 4.5.1917.
- 5 Fredrik Olaf, f. 12.1.1890, d. 25.1.1890.
- 6 ein son, f. 4.7.1891, d. 4.7.1891.
- 7 Fredrik Olaf, f. 30.4.1895, d. ?.

6-2b.

Ivar (Britanus) Peterss. frå nr 6-1, f. 25.12.1871, d. ?, gift 14.4.1912 med Severine (Marte Gurine) Petersd. frå Legene, Sunde (14-5), f. 14.4.1878, d. 14.4.1933. Ho fekk med Augustin Hanss. Haddal frå Ulsteinvik, f. 1878, d. ?, bakarsvein, sonen:

- 1 Peder (Augustinus) Måseidvåg, f. 1.7.1906, sjå Veddevegen 102, Holen.
- Ivar og Severine budde ein stad i Måseidvågen frå dei gifta seg, han dreiv som fiskar. Barn f. her:
- 1 Ole Måseidvåg, f. 25.9.1912, gift 2.12.1934 med Inga Sivertsd. Skår frå Hjørundfjorden, f. 8.6.1910, d. 27.2.1955.
 - 2 Borgny Olava Måseidvåg, f. 20.8.1914.
 - 3 Paul Olav Måseidvåg, f. 1.3.1916.
 - 4 Mathias Elias Måseidvåg, f. 24.12.1917, d. 1.7. 1938.
 - 5 Solveig Inga Måseidvåg, f. 21.12.1919.
- 1923 kjøpte fam. Nygjerdet, Rossevollen i Borgund og flytte dit.

6-3. 1908 – 1943

Berte (Ingeborg) Nilsd. frå nr 6-2, f. 2.9.1879, d. 18.12.1973, gift 6.9.1908 med Johan (Laurits Gabriel) Jonss. Dybvik frå Hegrehaugen, Djupvika, f. 22.1.1880, d. 7.8.1967. Dei budde her frå dei gifta seg, Johan var kome til Måseidvågen som fabrikkarbeidar før ft. 1900. Frå 1916 er dei òg nemnt gardbr.folk. Barn:

Nilsgarden

Gards/bruksnr: 73/1

Adresse: Myrbekkane 20

Sjå Borgund og Giske b. 3 s. 170. Kom til ved deling av bruk 1 i 1867.

Folket:

6-1. 1867 – 1880

Oline (Severine) Olsd. frå Måseidvågen 1 (2-9), f. 16.4.1836, d. 7.1.1879, gift 9.6.1867 med Peter (Olaus Kristian) Andreass. frå Pegarden, Måseid (4-4), f. 1.1.1839, d. 27.1.1909. Skøyte 1867, men selde vidare att 1876. Barn:

- 1 Andreas (Olavius) Pettersen, f. 14.5.1868, sjå Mausavågvegen 17 (23-1).
- 2 Ole (Elias), f. 12.2.1870, d. 4.6.1902, budde hjå faren 1900, skomakar, oppheldt seg i Ålesund ved teljinga.
- 3 Ivar (Britanus), f. 25.12.1871, sjå nr 6-2b.
- 4 Olivia (Petrine Eline), f. 17.9.1874, d. Ålesund 28.6.1890.
- 5 Elias Karolus, f. 28.4.1877, d. 20.12.1877.
- 6 Olavius Karolus, f. 2.12.1878, d. 15.9.1900, «smiddeskolekand».
- 7 Elias Karolus, f. 2.12.1878, d. 2.12.1878.

Vedlegg 3 Herøyboka - økonomi- og framdriftsplan

Dato: 21.2.2006/Arnfinn Kjelland

Del 1 Totalbudsjett og muleg framdriftsplan:

| | | Samla | innt./utg. | Utgifter | Utgifter | Utgifter | Inntekter | Utgifter | Inntekter | Utgifter | Inntekter | Utgifter | Inntekter | |
|---|------|-----------------|--------------|---|-------------|-------------|---------------|--------------|---------------|--------------|---------------|----------------|-----------------|--------------|
| | | Timar | Utgifter | Inntekter | 2005-06 | 2007 | 2008 | 2008 | 2009 | 2009 | 2010 | 2010 | seinare | seinare |
| Delprosjekt 1: Prosjektleiing, reserve / rente | | | | | | | | | | | | | | |
| 1a Lokal prosjektleiing / andre timar (møte etc.) | 250 | kr 62 500 | | kr 18 750 | kr 12 500 | kr 12 500 | | kr 12 500 | | kr 6 250 | | | | |
| 1b Fagleg rådgjeving høgare kompetansenvå | 60 | kr 66 000 | | kr 42 000 | kr 12 000 | kr 12 000 | | | | | | | | |
| 1c Fagleg rådgjeving lågare kompetansenvå | 0 | kr - | | | | | | | | | | | | |
| 1d Styringsgrp/nemnd (honorar, servering, reise) | | kr 10 000 | | kr 2 500 | kr 2 500 | kr 2 000 | | kr 2 000 | | kr 1 000 | | | | |
| 1e Reservepost av brutto kostnader (ikkje post 5c): | 10 % | kr 364 260 | | | | kr 50 000 | | kr 150 000 | | kr 150 000 | | kr 14 260 | | |
| 1f Renteutgifter | 5 % | kr 189 485 | | kr 8 266 | kr 21 758 | kr 41 960 | | kr 55 700 | | kr 61 867 | | kr -66 | | |
| Delprosjekt 2: Stoffbearbeiding inkl. tekstproduksjon | | | | | | | | | | | | | | |
| 2a Dataregistering eksisterande Herøybok | 466 | kr 116 611 | | kr 116 611 | | | | | | | | | | |
| 2b Innsamling / registrering av husstandskjema | 1332 | kr 333 008 | | kr 112 500 | kr 187 500 | kr 33 008 | | | | | | | | |
| 2c Anna registrering / vedlikehald av register: | 100 | kr 25 000 | | kr 10 000 | kr 7 500 | kr 5 000 | | kr 2 500 | | | | | | |
| 2d Dataprog. BSS, konvertering av data, lisens | | kr 50 000 | | | kr 35 000 | kr 5 000 | | kr 5 000 | | kr 5 000 | | | | |
| 2e Familierek. (lenking / kopling / uplass. bustad) | 5100 | kr 1 275 000 | | | kr 210 938 | kr 421 875 | | kr 421 875 | | kr 220 313 | | | | |
| 2f Kostn. knytt til 2a-f (reise/dig./kopiering) | | kr 25 000 | | kr 15 000 | kr 5 000 | kr 5 000 | | | | | | | | |
| Delprosjekt 3: Grendeinnleiingar og illustrasjoner (kart og bilde) | | | | | | | | | | | | | | |
| 3a Kartprod., dig. kartgrl. - passering stadnamn | | kr 30 000 | | | kr 30 000 | | | | | | | | | |
| 3b Skriving grendeinnleiingar | 600 | kr 150 000 | | | | kr 37 500 | | kr 37 500 | | kr 75 000 | | | | |
| 3c Bildeinnsamling, -redaksjon | | kr 20 000 | | kr 5 000 | kr 10 000 | kr 5 000 | | | | | | | | |
| Delprosjekt 4: Endleg ferdiggjering / bokproduksjon | | | | | | | | | | | | | | |
| 4a Kvalitetssikring, delprosjekt 1-3 | | kr 25 000 | | | kr 5 000 | kr 10 000 | | kr 5 000 | | kr 5 000 | | | | |
| 4b Redaktørarbeid (innpassing bilde / kart) | 300 | kr 75 000 | | | | kr 25 000 | | kr 25 000 | | kr 25 000 | | | | |
| 4c Produktionskostnader 4 band a kr 275.000 | | kr 1 100 000 | | | | kr 275 000 | | kr 275 000 | | kr 550 000 | | | | |
| 4c Produktjon/trykking registerband | | kr 90 000 | | | | | | | | | | kr 90 000 | | |
| Delprosjekt 5: Inntektene (boksalet) - var. kostnader | | | | | | | | | | | | | | |
| 5a Brutto salsinntekter, tal selde ordinære band: | | | kr 4 956 000 | | | | kr 177 000 | | kr 590 000 | | kr 1 062 000 | | kr 3 127 000 | |
| 5b Brutto salsinntekter, tal selde registerband: | | | kr 390 000 | | | | | | | | kr 75 000 | | kr 315 000 | |
| 5c Distr./marknadsføring, % av brutto sal | 25 % | kr 1 336 500 | | kr - | kr - | kr 44 250 | | kr 147 500 | | kr 284 250 | | kr 860 500 | | |
| Samla utgifter/inntekter: | | kr 5 343 363 | kr 5 346 000 | kr 330 626 | kr 539 696 | kr 985 093 | kr 177 000 | kr 1 139 575 | kr 590 000 | kr 1 383 679 | kr 1 137 000 | kr 964 694 | kr 3 442 000 | |
| Balanserer: | | kr 2 637 | | | | | | | | | | | | |
| Totalsum: | | kr 5 346 000 | kr 5 346 000 | | | | | | | | | | | |
| Likviditetsbudsjett: | | | | 2005-06 | 2007 | 2008 | 2008 | 2009 | 2009 | | | seinare | seinare | |
| | | | | Inngående likviditet (kassabehaldning): | kr - | kr -330 626 | kr -870 322 | | kr -1 678 415 | | kr -2 227 990 | | kr -2 474 669 | |
| | | | | Utgående kostnader i perioden: | kr 330 626 | kr 539 696 | kr 985 093 | | kr 1 139 575 | | kr 1 383 679 | | kr 964 694 | |
| | | | | Inntekter i perioden: | | | | kr 177 000 | | kr 590 000 | | kr 1 137 000 | | kr 3 442 000 |
| | | | | Utgående likviditet (kassabehaldning): | kr -330 626 | kr -870 322 | kr -1 678 415 | | kr -2 227 990 | | kr -2 474 669 | | kr 2 637 | |

| | | | | | | | |
|---|--------------------|----------------|-------------|-------------|---|-------------|-------------------|
| Vedlegg 3 Herøyboka - økonomi- og framdriftsplan | | | | | | | |
| Dato: 21.2.2006/Arnfinn Kjelland | | | | | | | |
| Del 2 Føresetnader | | | | | | | |
| 1. Timekostnader: | | | | | | | |
| Timekostnader, prosjektmedarb. registrering / lenking / prosjektleiing (Per-Ståle Moltu): | | | | | | | |
| Fagleg rådgjeving høgare kompetansenivå | | | | | | kr 250 | (lønn m.m.) |
| Fagleg rådgjeving lågare kompetansenivå | | | | | | kr 600 | (+ mva) |
| | | | | | | kr 400 | (+ mva) |
| 2. Timekalkylar/-forbruk/årsverk: | | | | | | | |
| (Per-Ståle Moltu) | Har reg. | Gj.sn. tid | Samla | Kalkulert | "Risiko- | Samla | Pro- |
| | einingar | Timar | pr eining | einingar | ot. tidsforbr | tillegg" | sentuert |
| Registering Herøyboka (2a): | 1040 | 280,0 | 0,27 | 1650 | 444 | 5 % | 466 timar 5,7 % |
| Registering husstandsskjema (2b): | 16 | 5,5 | 0,34 | 3100 | 1066 | 25 % | 1332 timar 16,3 % |
| Anna registrering / vedlikehald av register: | | | | | | 100 | timar 1,2 % |
| Lenkearbeidet (ferdiggjering til manus), ut frå Sula: | | | | | | 5100 | timar 62,6 % |
| Lokal prosjektleiing / andre timar (møte, vevsider, salsarbeid etc., 1a): | | | | | | 250 | timar 3,1 % |
| Skriving av grendeinnleiingar, 4 månadsverk | | | | | | 600 | timar 7,4 % |
| Redaktørarbeid (innpassing bilde / kart), ut frå sidetal: | 1000 | tekstsider, | 5 | s./time | 300 | timar | 3,7 % |
| | | | | | Samla betalt arbeidstimetotal på prosjektet: | 8148 | 100,0 % |
| Årsverket: | 1687,5 | timar | | | | | |
| 3. Engasjement medarbeidarar | | | | | | | |
| | Stillings % | År/sem. | Timar | | | | |
| Per-Ståle Moltu | 35 % | 2005-2 | 295 | Sum: | | | |
| | 35 % | 2006-1 | 295 | 591 | | | |
| Medarbeidar reg.: | 100 % | 2006-2 | 844 | 1434 | | | |
| | 60 % | 2007-1 | 506 | 1350 | | | |
| Redaktør / lenking: | 40 % | 2007-1 | 338 | | | | |
| | 100 % | 2007-2 | 844 | | | | |
| | 100 % | 2008 | 1688 | | | | |
| | 100 % | 2009 | 1688 | | | | |
| | 100 % | 2010-1 | 844 | Sum: | | | |
| Teoretisk tillegsbehov: | | | 38 | 5438 | | | |
| Til saman 2005-1. halvår 2007: | 1688 | timar | | | | | |
| Engasjement assistent | | | | | | | |
| | | | | | | | |
| 4. Trykke- og utsalsprisar bøker | | | | | | | |
| Pr ordinært band: | salspris: | kr 590 | | | | | |
| Pr registerband: | salspris: | kr 300 | | | | | |
| | | | | | | | |
| %. Stipulert boksal: | | | | | | | |
| | | | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 |
| Tal bøker band 1: | | | 300 | 600 | 400 | 400 | 400 |
| Tal bøker band 2: | | | | 400 | 500 | 400 | 800 |
| Tal bøker band 3: | | | | | 500 | 500 | 1100 |
| Tal bøker band 4: | | | | | | 400 | 500 |
| Tal bøker til | kr 590 | | 300 | 1000 | 1800 | 1800 | 3500 |
| Tal bøker registerband: | | | | | 250 | 450 | 600 |
| | | | | | | | |